		· Målrette seniorpolitikken for å oppmuntre til deling av kunnskap og kompetanse.	Kurs i samarbeid mellom pensjonistlag og frivillegsentral.

FNs berekraftsmål	Slik vil vi ha det	Slik gjer vi det	Status 2024
9 Industri, innovasjon og infrastruktur	Attraktiv bukommune, arealmessig, kompakt – kort veg til alt	Forvalte økonomien slik at den økonomiske handleevna blir tatt i vare over tid.	Samfunnsikkerheit blir ivaretatt i planlegginga.
10 Mindre ulikheit		Utvikle og styrke sentrum og delsentra i kommunen.	Berekraftig tettstadutvikling Valderhaugstrand, med fylkeskommunale midlar kr. 400.000, starta opp.
11 Berekraftige byar og lokalsamfunn		Regulere og byggje bustadfelt med god nok kvalitet.	Planprogram for kommuneplanen sin arealdel 2023-2025 fastsett av kommunestyret.
		Arbeide for ein inkluderande oppvekstsektor med likeverdige tenester.	
		Samordne skule, barnehage, helse og idrett i kommunesenter Valderhaugstrand.	Berekraftig tettstadutvikling Valderhaugstrand i prosess.
		Auke antalet livløpstilpassa sentrumsnære leiligheiter, bufellesskap og andre småhus innafor 10 min. gåavstand.	Bustadpolitisk plan 2025-2035 starta opp.
		Legge opp til lavterskel aktivitetstilbod for alle.	Aktiv ferie arrangert.
		Vi vil legge opp til god informasjon til/med innbygarane.	Gjennomført verkstad om tettstadanalyse. Informasjon på heimesida.

		· Gjennom arealplanlegginga legge til rette for formelle og uformelle møteplassar og på tvers av ulike aldersgrupper.	Ungdomsklubben «ØY`NE», ved Giske rådhus, opna .
		· Slutføre områdeplan for handelssenter Sætra/Gjørsund med framtidig hovukryssløysing i dialog med vegeigarane.	Områdeplan sett på vent i påvente av regjeringsbeslutning av KVV.
		· Delta aktivt i utviklinga av trafikkknutepunkt Ytterland.	I prosess.
		· Starte områdeplanlegging for delsenter Roald i 2023.	Planmidlar til oppstart avsett på 2025-budsjettet.
		· Vurdere løysingar for kollektiv, sykkel og gange ved alle byggesøknadar.	
		· Bruke ungdomsråda som høyringspart i aktuelle plansaker	Samfunnsplanen tatt opp i ungdomsrådet.

Årsmelding 2024

FNs berekraftsmål	Slik vil vi ha det	Slik gjer vi det	Status 2024
8 Anstendig arbeid og økonomisk vekst	Nærheit til Ålesund med arbeidsmarknad, handel og kulturtilbod	Arbeide for betre kollektivløysingar med buss og båt.	Arbeid med å legge til rette for betre kollektivløysingar med buss og båt, samt innfartsparkering med sykkelparkering på Ytterland pågår kontinuerlig.
11 Berekraftige byar og lokalsamfunn		Arbeide for å utvikle Ytterland med moderne innfartsparkering og sykkelhotell, samt sykkelparkering ved Valderhaugstrand	
17 Samatbeid for å nå måla		hurtigbåtkai.	

Giske som næringskommune – eit framtidsretta næringsliv

FNs berekraftsmål	Slik vil vi ha det	Slik gjer vi det	Status 2024
9 Industri, innovasjon og infrastruktur	Giske kommune er ei aktiv fiskerikommune innan fangst og foredling. Havrom med stort potensiale.	· Samarbeide med næringslivet om å nytte teknologikompetanse i regionen til å utvikle nye moglegheiter lokalt og globalt.	Stort arbeid pågår for å utvikle Gjøvsund hamn.
14 Livet i havet		· Medverke til å oppgradere infrastruktur og omstille næringslivet til å bli meir berekraftig, med meir effektiv bruk av ressursar og meir utstrekt bruk av reine og miljøvennlege teknologiformer og industriprosessar.	Hovudplan vatn- og avløp er vedteken
15 Livet på land		· Delta i regionalt plansamarbeid for arealplan i sjø i Ålesundregionen.	Ålesund har trekt seg frå regionalt plansamarbeid om sjøarealplan.
17 Samarbeid for å nå måla		· Ta i bruk marine grunnkart for kunnskapsbasert arealplanlegging.	Marine grunnkart tatt i bruk.
		· Få på plass handlingsdelen i kommunedelplan for naturmangfald.	
		· Verne viktige naturtypar mot inngrep.	

		· Hindre og i vesentleg grad redusere alle former for havforureining, særleg frå landbasert verksemd, inkludert marin forsøpling og utslepp av næringssalt.	
		· Lage tiltaksplan for plast og marin forsøpling.	
		· Søke å lokalisere alle planlagte inngrep i sjø der det gjer minst skade på miljøet.	
		· Sjå samanhengen mellom bruk av land og sjø i kommuneplanarbeid.	Arbeid med kommuneplanen sin arealdel i prosess.

FNs berekraftsmål	Slik vil vi ha det	Slik gjer vi det	Status 2024
2 Utrydde svolt	Giske kommune er ei framtidsretta og viktig landbrukskommune.	Styrke jordvernet og støtte opp om FNs berekraftsmål nr. 2 Utrydde svolt, - om å redusere jordtapet og produsere mat på den jorda vi har.	Jordvernstrategi for Giske kommune 2023-2027 på høyring.
11 Berekraftige byar og lokalsamfunn		Lokal matproduksjon skal inngå som ein vesentleg del av beredskapsarbeidet.	
12 Ansvarlig forbruk og produksjon		Stimulere til fortsatt drift og for utvikling i landbruksnæringa, og for å gje dei unge som ønsker seg inn i næringa støtte til det.	
15 Livet på land		Stimulere til økt matproduksjon i tråd med nasjonalt mål om å auke sjølvforsyningsgraden i Norge til 50%.	Jordvernstrategi for Giske kommune 2023-2027 på høyring.
		Ta vår del av ambisjonen av minstemål i Landbruksmeldinga i Møre og Romsdal om å halde omdisponert dyrkaareal under 200 daa i året.	
		Oppretthalde og om mogeleg auke beitinga for å halde kulturlandskapa i hevd.	

		· Tilbakeføre og fremje berekraftig bruk av økosystem.	
		· Vurdere å omregulere ueigna og usentralt bustadarel til LNF-område.	Arbeidet med kommuneplanen sin arealdel er under arbeid.
		· Legge til rette i arealplanlegginga for kolonihagar på inneklemt jordbruksareal.	
		· Revidere landbruksplanen frå 2009.	

FNs berekraftsmål	Slik vil vi ha det	Slik gjer vi det	Status 2024
17 Samarbeid for å nå måla	Giske kommune har eit anerkjent eventmiljø og eit verdskjend studio. Kommunen er ein attraktiv kunstnar-kommune.	I samarbeid med lokale kunstnarar etablere felles lokalitetar for samhandling/nettverk og utstillingar.	Kommunen bidrar aktivt med å stille til rådighet rimelege lokale til kunstnarar i 1909-bygget på Valderøya. Der er det både utstillingar, konsertar og andre opne arrangement.
		Støtte opp om og tilrettelegge for vidareutvikling av Kulturnæringsklynga Øygaardshamna på Giske.	Kommunen støttar fiskerikonferansen The Next Wave og Sommarfesten på Giske.
		Styrke Giske kommune sin identitet og sitt omdømme gjennom aktiv formidling av informasjon og kunnskap om kommunen som arbeidsstad, bustad, kultur- og reisemål.	Oppretta ny heimeside om Gjørund hamn, gjørundhamn.no.
		Sette av areal for bubilparkering.	Arealplanen er i prosess.
		Samarbeide med regionen for å utvikle turisme.	Avtale med destinasjon Ålesund og Sunnmøre.

FNs berekraftsmål	Slik vil vi ha det	Slik gjer vi det	Status 2024
9 Industri, innovasjon og infrastruktur	Giske kommune har regionens største næringsareal med tilknytning til hamn midt i skipsleia.	· Utvikle Gjøvsundneset industriområde som nasjonal fiskerihamn til eit moderne og attraktivt næringsområde for etablering av nye verksemdar innan fiskeri, havbruk og annan relevant industri. Utviklinga skal skje i tråd med berekraftsmåla med vekt på innovasjon og framtidige energibærarar.	Gjøvsund hamn vart ferdig mudra i 2023. Arbeidet held fram med vidareutvikling av fiskerihamna og tilliggande næringsområde. Ein prosjektleiar er tilsett som jobbar spesielt med dette. Det vart arrangert open dag på Gjøvsundneset.
		· Opparbeide industritomter for utleie, sal og fellesfunksjonar.	
12 Ansvarlig forbruk og produksjon			
17 Samarbeid for å nå måla		· Fremje tettare samarbeid mellom næringsområda på alle øyane for å fremje synergieffektar.	
		· Utvikle berekraftig næringsliv og arbeide for få gods over på kjøp.	
		· Legge til rette for eit mangfald av arbeidsplassar saman med næringslivet og tiltrekke seg nye næringsaktørar.	
		· Sikre solid infrastruktur og fremje inkluderande og berekraftig industrialisering og innovasjon.	

		· Forvalte kommunen sitt 300 dekar store industriområde i tråd med formuesbevaringsprinsippet i kommunelova.	
--	--	--	--

Giske som samspelkommune – Giske på lag med Sunnmøre - bedre saman

FNs berekraftsmål	Slik vil vi ha det	Slik gjer vi det	Status 2024
17 Samarbeid for å nå måla	Sentral i regionen med flyplass og inngangsport til Sunnmøre	Giske kommune samarbeider med regionen på områda beredskap, politi, brann, havn og infrastruktur m.m.	I prosess.
		På plansida har vi samarbeid på plan for areal, klima og transport PAKT og marine grunnkart. Vi ønskjer å vidareutvikle dette samarbeidet i regionen både politisk og administrativt.	I prosess. Ny interkommunal veteranplan vedtatt.
		Arbeide saman med regionen for å redusere personbiltrafikken og auke trafikktrygginga på riksveg 658 mellom Ålesund og flyplassen.	KVU utgreiing i prosess.

FNs berekraftsmål	Slik vil vi ha det	Slik gjer vi det	Status 2024
17 Samarbeid for å nå måla	Naturleg del av ein stor regional arbeidsmarknad	· Samarbeide med private og offentlege instansar om å utvikle Ytterland trafikknutepunkt med busstasjon, innfartsparkering og sykkelhotell.	Prosess for å utvikle innfartsparkering i arbeid.
		· Stå på for eit bedre kollektivtilbod eksternt og internt.	
		· Etablere kollektivpunkt på handelsenter Sætra og delsenter Roald.	I prosess i arealplanarbeidet
		· Dele og vidareutvikle kompetanse i regionen.	
		· Synleggjere Giske kommune som ein attraktiv kompetansearbeidsplass.	

Oppfølging av planer

Tenesteområde/plan	Typ	Vedtatt	2023	2024	Stipulert kostnad
Sentraladministrasjonen:					
Kommuneplanens samfunnsdel 2023-2033	KP	2023			
Kommuneplanens arealdel 2018-2030	KP	2018		Rull	-
Kommunedelplan naturmangfold	KD	2018			-
- handlingsdelen					-
Økonomiplan 2022-2025	KP	2022	Årleg rullering	Rull	-
Digitalisering og omstilling	TP	2016			-
Stab:					
Strategisk næringsplan 2016-2025	KD	2016			-
Jordvernstrategi (med statsmidlar)	S	2025?			
Beredskapsplan	TP	2019	Rull	Rull	
Oppvekst:					
Kompetanseutvikling for grunnskulen	TP	2019	Rull	Rull	-
Kompetanseutvikling for barnehagen 2014-2017	TP	2015		Rull	-
Barnehageplan 2008-2011	TP	2008			-
Kvalitetsplan for oppvekst 2022-2026	TP	2022		Rull	-
IKT plan - pedagogisk bruk	Tp	2020			
Helse, sosial og omsorg:					
Helse- og omsorgsplan 2021-2025	TP	2021			-
Strategi helse og omsorg 2050	TP	2022	Ny		-

Alkoholpolitisk handlingsplan	TP			Rul I	-
Kompetanse og rekrutteringsplan 2019-2022	TP	2019			-
Pandemiplan 2020-2024	F	2020			-
Smittevernplan 2020	F	2020			-
Teknisk:					
*Kommunedelplan avløp	KD	2012			
Hovudplan vatn og avløp	KD		Ny		-
**Klima- og energiplan	TP	2010			-
Kommunedelplan trafikktrygging	KD	2012		Ny	250.0 00
Områdeplan for Roald (delsenter)	O			Ny	500.0 00
***Områdeplan Sætra og Gjøvsund	O			Ny	50.00 0
Miljø og kultur:					
Kulturplan 2016-2026	TP	2016			-
Miljøkulturplan	TP	2022			-
Plan for friluftslivets ferdselsårer	TP	2023		Ny	-
Landbruk:					
Landbruksplan	TP	2009			-
Interkommunale planar:					
Plan for areal, klima og transport i Ålesundsregionen (PAKT)	R	2022			-
Interkommunal sjøarealplan for Sula, Giske og Ålesund (oppstart 2022)	-	-	-		-

* Integrerast som del av ny hovudplan for vatn og avtløp 2022

** Klima- og energiplanen vert av resursmessige grunnar ikkje fullført i denne planperioden. Planen skal integrerast i kommuneplanen sin samfunns- og arealdel.

*** Planarbeidet stoppa opp på grunn av uavklart framtidig hovudkryssløysing.

Samfunns- og befolkningsutvikling

Giske er ein "annleis" kommune både når ein samanliknar med kommunane i fylket og i landet elles. Det har vore stor tilflytting dei siste åra, og det er ei forholdsvis ung befolkning. I fylkessamanheng er Giske den kommunen som har størst innbyggjarvekst dei siste 10 åra. Sjølv om gjennomsnittsalderen aukar også i Giske, har vi framleis ei ung befolkning. Framover ser det ut til at tal på barn i barnehage går nedover, medan tal på eldre med hjelpebehov aukar også her i kommunen. Det er desse tenestene som vil prege økonomien i perioden.

I [Kommuneplanen sin samfunnsdel 2023-2033](#) er desse utviklingstrekk behandla i større detalj.

Utvikling i befolkning 4. Kvartal 2024

	2023	2024
Folketal ved inngangen av kvartalet	8 692	8 691
Fødde	84	95
Døde	61	59
Fødselsoverskot	23	36
Innvandring	43	49
Utvandring	26	33
Innflytting, innanlands	284	292
Utflytting, innanlands	325	262
Netto innvandring og flytting	-24	46
Folkevekst	-1	82
Folketalet ved utgangen av kvartalet	8 691	8 773

Internkontroll

Internkontroll

Kommunelova § 25-1 stiller krav til kommunedirektøren si oppfølging av internkontrollen. Fokus på internkontroll og beredskap er styrka dei siste åra. Stillinga som seniorrådgivar internkontroll og beredskap har 1 årsverk.

Hovudoppgåver innafor internkontroll har i 2024 vore:

- opplæring og implementering av kommunen sitt heilskaplege kvalitetssystem; Compilo:
 - implementering av Årshjuls-modulen for å:
 - sikre at kompetanse og rutiner blir overført ved nyttilsettingar og fråvær
 - sikre internkontroll
 - redusere tidsbruk
 - utarbeiding av sjekklister for å dokumentere internkontrollen

- opplæring og implementering av Compilo:
 - auke generell bruk av Compilo. Har auka frå ca 1100 påloggingar i 2020, til ca 10100 i 2021, ca 12300 i 2022, ca 13000 i 2023 og ca 14500 i 2024.
 - auke melding av avvik: Har auka frå ca 700 i 2021, ca 1000 i 2022 og 1080 i 2023. Har ein reduksjon i 2024 med ca 900 meldte avvik.
 - auke bruken av dokumentmodulen. Har auka frå ca 2700 leste dokument i 2020, til ca 16000 i 2021, ca 17100 i 2022, 27000 i 2023 og 38900 i 2024.
- tilbod til tilsette om gjentakande arbeidsmøte/ opplæring i alle modular
- planlegging, gjennomføring og etterarbeid etter leiinga sin gjennomgang
- samarbeid med personvernombod i IKA Møre og Romsdal:
 - fornying av databehandlaravtalar
 - handtering og vurdering av personvernnavvik
 - innsyn
- interkommunalt samarbeid med styringsdokument og prosedyrar innafor personvern/GDPR
- opplæring av tilsette i informasjonssikkerheit og personvern med KS Læring

Hovudoppgåvene innafor beredskap har i 2024 vore:

- handtering av flyktningssituasjonen som følgje av krigen i Ukraina
- handtering av fire andre kortvarige krisehandteringar
- arrangerte interkommunalt beredskapsråd
- revisjon av Beredskapsplan og Styringsdokument for samfunnssikkerheit og beredskap
- revisjon av EPS-plan
- laga Kontinuitetsplan
- laga Plan for krisekommunikasjon
- laga planar for bortfall av digitale tenester i alle einingane
- øvingar for Beredskapsleiinga og EPS-gruppa
- implementering av nytt krisehandteringsverktøy; RAYVN
- starta interkommunalt samarbeid om regional EPS (evakuering og pårørandesenter)
- inngått ny samarbeidsavtale med Røde Kors

Giske kommune er ein lærande organisasjon der alle tilsette saman arbeider med å utvikle kapasitet til å levere tenestene i tråd med kommunen sitt verdigrunnlag; respekt, løysingsvilje, engasjement og kvalitet.

Kommunen sine tenesteområde

POLITISK STYRING

Beskriving av tenesteområde

Rammeområde 1 Politisk styring omfattar tenestene 1000 – 1070 som er kommunestyre, politiske utval, formannskap, diverse rådsorgan, stønad til politiske parti, revisjon og kontrollutval, samt finansiering av kommuneval og stortingval.

Årsverksutvikling

Status økonomi per teneste

Beløp i 1000

Teneste	Rekneskap 2023	Rekneskap 2024	Opph. bud. 2024	Rev. bud. 2024	Avvik i kr	Avvik i %
KOMMUNESTYRE OG FORMANNSKAP	3 130	3 324	3 090	3 090	-234	-7,6 %
POLITISKE KOMITEAR	211	280	244	244	-36	-14,6 %
DIVERSE UTVAL/STYRE/RÅD	247	211	242	242	31	12,8 %
ELDRERÅD	28	41	38	38	-3	-8,4 %
ØKONOMISK STØNAD TIL POLITISKE PARTI	47	53	50	50	-3	-6,7 %
KOMMUNEREVISJONEN - KONTROLLUTVAL	1 525	1 424	1 479	1 479	56	3,8 %
STORTINGS- OG KOMMUNEVAL	536	0	0	0	0	0,0 %
Sum	5 724	5 333	5 143	5 143	-189	-3,7 %

Kommentar til status økonomi

Driftsrekneskap for Politisk styring og kontrollorgan viser eit meirforbruk på kr 190 000 i høve justert driftsbudsjett. Meirforbruket skriv seg i hovudsak til tenesta 1000 Kommunestyre og Formannskap og kjem av meir utbetalt godtgjersle enn budsjettert.

Utvalde resultat

Oppfølging av kommunestyrevedtak:

Giske kommunestyre behandla i alt 120 saker i 2024.

Årsmelding 2024

Saker	Møte 2024	Saker 2024	Møte 2023	Saker 2023
Kommunestyret	7	120	8	111
Formannskapet	14	140	20	142
Næringsutvalet	4	17	3	7
Landbruksnemnda	3	8	4	14
Teknisk utval	9	81	11	90
Livsløpsutvalet	6	62	6	49
Eldrerådet	4	22	5	23
Råd for menneske med funksjonsnedsetting	5	24	5	23
Giske brukarutval (avvikla frå 2024)			3	11
Viltnemnda	3	15	1	
Valstyret (kun i valår)	0	0	4	12
Ungdomsrådet	5	23	5	23
Partsamansett utval	2	5		
Klagenemnd	2	4		

Styringskort og styringsindikator

KOSTRA Nøkkeltal

	Giske 2021	Giske 2022	Giske 2023	Giske Kostragruppe 2024	01
Prioritet					
Netto driftsutgifter per innbygger (100) politisk styring (B) **)	374	361	477	426	551
Netto driftsutgifter per innbygger (110) kontroll og revisjon (B) **)	128	150	176	160	176

**) Justert for utgiftsbehov

Sjukefråvær

Fråvær	Korttid	Langtid	Samla fråvær
Årleg sjukefråvær 2024	0,00 %	0,00 %	0,00 %

KOMMUNE LEIING - STAB

Beskriving av tenestoområde

Rammeområde 2 er delt mellom reine stabstenester og driftstenester. Det vert lagt vekt på digitalisering, samhandling og koordinering av oppgåver for å oppnå meir effektiv drift.

Kommuneleiing og stab omhandlar tenesteområda 1200 – 1260 (kostra funksjon 120) som er kommunedirektør, kommunalsjefar og stabsfunksjonar, i tillegg kjem driftstjenester, desse er i hovudsak knytt til eining kultur, service og næring og samhandling og koordinering.

Staben skal levere tidsrette støttefunksjonar i samsvar med krav og forventningar som er stilt til kommunen si kjerneverksemd og strategiske satsingar. Arbeidsoppgåver er blant anna planlegging, støtte, oppfølging og styring. Dette omfattar blant anna oppgåver knytt til kvalitet og internkontroll, beredskap, fellesfunksjonar, økonomiforvaltning, arbeidsgivarpolitikk, løn og personalforvaltning.

Eininga kultur, service og næring skal saman med resten av staben tilrettelegge for politiske og administrative avgjerdsprosessar, verksemdstyring, analyse og utgreiingsarbeid. Eininga har også ansvar for kulturarbeidet i Giske, dette gjeld bibliotek, frivilligsentral, kulturminnearbeid, friluftsliv og samhandling med lag og organisasjonar. Informasjonsarbeid og fellesfunksjonar som post og arkiv, oppfølging av avtalen med Ålesund knytt til landbruk, samt viltforvaltning er også ein del av eininga. Det næringsretta arbeidet til kommunen samt etableringsstøtte/hoppid blir også fulgt opp her. I tillegg kjem oppfølging av avtale om kjøp av IKT og brukarstøtte frå eKommune samarbeidet.

Stabseining samhandling og koordinering vart oppretta i 2024. Stabsleiar starta opp i mai, og tok 01.09.24 offisielt over personalansvar for tildelingskontoret (frå Barn, familie og helse) og SLT-koordinator/ungdomsarbeidar (frå Kultur, service og næring).

Årsverksutvikling

Ansvar	Årsverk 2021	Årsverk til bruk i 2022	Årsverk til bruk i 2023	Årsverk til bruk i 2024	Årsverk brukt i 2024
1200 KOMMUNELEIING - STAB	6,86	5	6	8	8
1220 ØKONOMI	3,7	3,7	4	5	5
1240 PERSONAL OG LØN	3,9	3,9	3,9	3,9	3,9
1250 KULTUR, SERVICE OG NÆRING	11,2	11,1	11,6	14,4	14,4
Sum	25,66	23,7	25,5	31,3	31,3

Kommuneleiing stab:

Overordna plan vart lagt inn under kommunedirektøren. Det vart oppretta stilling for stabsleiar Samhandling og koordinering.

Økonomi:

Årsmelding 2024

Utvida med stilling som controller. Politisk vedtak i kommunestyret i desember, budsjett 2024.

Personal og løn:

Uendra.

Kultur, service og næring:

Utvida med stilling som ungdomsarbeidar. Politisk vedtak i kommunestyret i desember, budsjett 2024.

Tre merkantile frå oppvekst og helse vart flytta til eininga. 1,8 frå oppvekst og 1 frå helse og omsorg.

Status økonomi per teneste

Beløp i 1000

Teneste	Rekneskap 2023	Rekneskap 2024	Opph. bud. 2024	Rev. bud. 2024	Avvik i kr	Avvik i %
KOMMUNESTYRE OG FORMANNSKAP	0	2	404	404	402	99,5 %
KOMMUNEDIREKTØR - KOMMUNALSJEFAR	6 889	7 673	5 937	5 937	-1 736	-29,2 %
PERSONAL OG LØN	2 884	2 976	2 721	2 721	-255	-9,4 %
FORVALTNING AV BYGG	0	133	0	0	-133	0,0 %
ØKONOMI	3 433	4 498	4 590	4 590	93	2,0 %
SERVICEKONTORET	2 728	2 860	2 792	2 792	-69	-2,5 %
DIVERSE FELLESFUNKSJONAR	24	99	0	0	-99	0,0 %
IKT	855	891	875	875	-16	-1,9 %
SAKSBEHANDLING - FELLES	935	946	967	967	21	2,1 %
BARNEHAGE	1 354	1 215	1 262	1 262	48	3,8 %
GRUNNSKOLE	749	1 633	1 218	1 218	-414	-34,0 %
PEDAGOGISK RETTLEIINGSTENESTE	0	9	989	989	980	99,1 %
AKTIVITETSTILBOD BARN OG UNGE	28	0	1 025	1 025	1 025	100,0 %
PSYKISK HELSEVERN	110	115	113	113	-2	-2,1 %
BARNEVERN TENESTE	265	270	269	269	-1	-0,3 %
PLEIE, OMSORG, HJELP I INSTITUSJON	0	0	396	396	396	100,0 %
PLEIE, OMSORG, HJELP TIL HEIMEBUANDE	1 079	0	1 076	0	0	0,0 %
HEIMETENESTE - AMBULERANDE VERKSEMD	0	1 841	0	1 076	-765	-71,1 %
KOMMUNALE SYSSELSETTINGSTILTAK	443	428	376	376	-51	-13,6 %
Formidlingslån (frå 2020)	-112	-117	-120	-120	-3	-2,5 %
PLANLEGGING / REGULERING	-100	1 555	1 313	1 313	-243	-18,5 %
NÆRINGSKONTORET	691	701	731	731	31	4,2 %
JORD- OG SKOGBRUK	601	734	785	785	51	6,5 %
VILTFORVALTNING	188	167	63	63	-104	-165,6 %
FRILUFTSLIV	11	143	200	200	57	28,6 %
KULTURMINNEVERN	8	9	11	11	2	15,4 %
BIBLIOTEK	1 524	1 545	1 625	1 625	80	4,9 %
MUSEER	0	0	25	25	25	100,0 %
KUNST OG KUNSTFORMIDLING	0	0	140	140	140	100,0 %
IDRETT	343	251	255	255	4	1,6 %
KULTURKONTORET	990	1 664	880	880	-784	-89,2 %
ANDRE KULTURTILTAK	427	475	148	148	-327	-221,8 %
Frivilligsentral	618	728	726	726	-3	-0,4 %
Sum	26 966	33 444	31 792	31 792	-1 652	-5,2 %

Kommentar til status økonomi

Rammeområdet kom ut med eit meirforbruk på 1,6 mill.kr. Største avviket kjem i teneste kommuneleieing stab der løn har vore for lavt budsjettert. Etablering av ny eining Samhandling og koordinering vart vedteken oppretta i budsjettet for 2024 utan at det vart set av tilstrekkelig med midlar

til å dekke dette, meirforbruk på teneste forvaltning av bygg, og deler av meirforbruk på teneste grunnskule og teneste heimeteneste ambulerande verksemd skriv seg frå dette området. Det har vore haldt vakante stillingar og mindreforbruk på andre tenester for å dekke dei auka utgiftene til eininga.

Oppsummering tiltak

Tiltak vedtatt for budsjett 2024

Tiltak vedtatt for budsjett 2024	2024	2025	2026	2027
Ramme 2 - Stab Kontinuerlig forbedringarbeid	- 300	- 300	- 300	- 300
Ramme 2 stab Berekraftig tettstadutvikling	200	200	-	-
RAMME 2 Stab Driftstilskot veterinærteneste	150	150	150	150
Ramme 2, 4, 5, 6 ,7, 9 Samhandling og koordinering	- 125	- 125	- 125	- 125
sum tiltak	- 75	- 75	- 275	- 275

kontinuerleg
forbetringsarbeid:

Leankommune

I slutten av 2023 og begynnelsen av 2024 fekk kommuneleiinga i Giske kommune opplæring i Lean. Deretter beslutta leiinga at Giske kommune skal jobbe mot å bli ein «Lean kommune», og bygge ein kultur der alle tilsette blir med å jobbe for kontinuerlege forbetringar i sin kvardag. Hausten 2024 og i begynnelsen av 2025 har ca 35 tilsette til fått opplæring i lean. Det blir våren 2025 utarbeida ein strategi for vidare implementering av lean. Det har i 2024 vore til saman 8 ulike leanprosjekt. Nokre har vart over fleire år, og nokre er kortare. Fleire av dei held fram i 2025. Tilsette frå alle sektorar har vore involvert i eit eller fleire lean-prosjekt.

Det viser seg å vere vanskeleg å hente ut innsparingseffekt av dette tiltaket for dette rammeområdet. Kontinuerleg forbetringsarbeid for heile kommunen blir i stor grad styrt frå Stab, effektane kjem i heile organisasjonen.

Berekraftig tettstadutvikling

Det er gjennomført tettstadanalyse som grunnlag for vidare arbeid med arealplanen.

Driftstilskot veterinærteneste

Tilskotet er utbetalt i henhold til vedtak.

Samhandling og koordinering

Ny eining Samhandling og koordinering vart oppretta i 2024.

Utvalde resultat

Utfordringar

- Levere lovpålagde tenester innanfor tilgjengelege økonomiske rammer.
- Etablere effektiv organisering, støtte og tenestenivå som er tilpassa bemanning og trange økonomiske rammer.
 - Dette inneber blant anna tydeleg prioritering mellom arbeidsoppgåver, forventingsavklaring, og ikkje minst sikring av tvillingkompetanse slik at viktige funksjonar vert levert ved eventuell sjukdom, ferie og anna fråver.
 - Ny organisering frå 1. januar 2025.
 - Leanprosess med merkantile og oppvekstsektoren gjennomført for å sikre betre utnytting av ressursar og tvillingkompetanse på tvers, spesielt inn mot lønnsfunksjonar som har vore svært sårbare.
- Svært pressa bemanningssituasjon kan gå utover fullverdig tenesteleveranse.
- Implementering av nye digitale verkty, opplæring og størst muleg gevinstrealisering.
 - Forhandlingsmodulen tatt i bruk i lønnsforhandlingane. Gevinstrealisering på cirka to vekers arbeid for to tilsette på personal og løn. Utprøving av Lawai, som er eit verktøy innan kunstig intelligens på arbeidsrett. Både forhandlingsmodulen og Lawai skal utvidast til bruk av einingsleiarane i 2025.
 - Giske kommune tok i 2024 i bruk nytt verktøy for heilheitlege verksemdsstyring; Framsikt. Kommunen har foreløpig tatt i bruk modular for analyse, plan, handlings- og økonomiplan og har legg no til rette for rapportering frå 2025. Mykje av arbeidet knytt til innføring av Framsikt som planverktøy har vore lagt til økonomiavdelinga.
 - Nytt HRM og økonomisystem var ute på anbod av Orkide - kommunane og Giske, saman med innkjøpssamarbeidet var ein opsjonspartner i dette. Det vart ikkje endring av leverandør, men systema vart løfta i sky. Arbeid med tilrettelegging for overgang til skydrift tok mykje ressursar gjennom hausten, og løns- og økonomisystem vart overført til skydrift i slutten av november.
 - oppbygging av ny organisasjonsstruktur og brukaradministrasjon. Legg til rette for automatisering av tidlegare manuelle prosessar, samt automatisere tilgangsstyring etter rolle og mynde. Igjen fjerne persontilpassa tilgangar, det skal gå på rolle. Sikre etterleving av GDPR lovgivinga.
- Finne rett organisering under rammeområda for betre samhandling.
 - Oppretting av eininga Samhandling og koordinering. Eininga jobbar for best mogleg utnytting av kompetanse og ressursar på tvers av rammeområda.

- Øve på uforutsette beredskapshendingar.
 - Gjennomført ti ulike beredskapsøvingar i 2024.
- Sikre nødvendig kvalitet- og internkontroll i kommunen.
 - Gjennomført opplæring og starta implementering av Årshjulet i Compilo.
- Systematisk informasjonsarbeid, rett utvikling av heimeside, intranett og bruk av sosiale medier.
 - Manglande ressursar på kommunikasjon gjer arbeidet krevande, men det er laga fleire digitale skjema og kontakt-oss sidene er gjennomgått og er under oppdatering.
- Tilrettelegge for døgnopen forvaltning ved å betre innbyggardialogen slik at innbyggjarane kan vere sjølvhjelpete uavhengig av arbeidstid.
 - Denne tenesta vert kontinuerleg oppdatert. Det er innført E-dialog, teneste for innsending av sensitiv informasjon.

Mål

- Framhaldande fokus på og oppfølging av systematisk HMS arbeid
- Sjukefråversarbeid frå A - Å i samarbeid med NAV og Bedriftshelsetenesta (BHT). Gjennomgang med Nav arbeidslivssenter for helse og omsorg.
- Styrking av leiarkompetanse på budsjett- og økonomisk styring gjennom nyoppretta controllerstilling. Innføring og opplæring i Framsikt samt opplæring av nye leiarar.
- Oppfølging av tiltak i helse og omsorgssektoren for å imøtekome framtidas behov. Arbeidet pågår framleis i fleire leanprosjekt.
- Nytt IKT-system for økonomi, løn og personal, nytt styringsverktøy er innført.
- Starta konkret kartlegging av mulege samarbeid med andre kommunar eller innkjøp av tenester av sentrale stabsfunksjonar som er sårbare i dag (løn, rekneskap, arkiv m.m) Planlagt oppstart i 2025.
- Framhaldande fokus på kvalitet og internkontroll. Utarbeidd sju sjekklistar direkte knytt til enkeltlovar.
- Framhaldande fokus på beredskapsarbeid. Ny heilheitleg ROS-analyse (Risiko og sårbarheitsanalyse) vedteken.

Viktige hendingar

Organisasjonsutvikling

Kommunedirektøren la fram sitt endelege forslag til ny overordna organisering av administrasjonen frå 1. januar 2025 på Leiarforum torsdag 13. juni. Det var ein lengre prosess med brei involvering i forkant av framlegget. Ny organisering vert iverkset frå 1.1.2025 og kjem fram av Handlings- og økonomiplanen 2025 - 2028. Politikken har vore orientert om endringane, men det er kommunedirektøren åleine som bestemmer korleis administrasjonen skal organiserast.

Bustadpolitisk

Giske kommune starta i 2024 opp arbeidet med sin første bustadpolitiske plan. Det har vore gjennomført workshops med både politikk og administrasjon, og politikken har gjennom heile arbeidet vore representert i plangruppa. Hovudarbeidet med planen blei utført i 2024, med høyring i 2025.

Planen er viktig for at kommunen skal vere budd på dei behova som ligg hos innbyggjarane i nær framtid. Dette med tanke på mellom anna alderssamansetjing i befolkninga, og det ressursunderskotet vi står ovanfor når det kjem til arbeidskraft - vi får færre hender som skal yte hjelp til fleire. Det blir derfor viktig å ha rett butilbod på rett plass framover. Samstundes er planen viktig for utviklinga av kommunesentrum.

Ny eining

Samhandling og koordinering starta opp i 2024. Eininga består av leiar, tildelingskontoret og SLT-koordinator/ungdomsarbeidar. Det blei på slutten av 2024 fullført tilsetjingsprosess på barnekoordinator i 50% stilling. Denne har oppstart vår-25. Eininga jobbar for auka samhandling på tvers av fag, tenester, einingar og sektorar. Dette for at kommunen best mogleg skal kunne utnytte eksisterande ressursar og kompetanse, slik at innbyggjarane skal oppleve betre flyt og koordinerte tenester. Samhandling og koordinering har i 2024 jobba for å etablere system og struktur for å kunne ivareta kommunen sitt ansvar for det bustadsosiale arbeidet etter Boligsosialloven. Leiar oppretta bustadsosialt team hausten 2024.

Teamet er tverrfagleg samansett (NAV, tildeling, teknisk/bygg, MPH, flyktning). Vår 2025 vil også ein bustadkoordinator i 50% bli ein del av samhandling og koordinering. Då flyttar også ansvaret for startlån frå Husbanken over til denne eininga. Samordning av lokale rus- og kriminalitetsførebyggjande tiltak ligg til samhandling og koordinering, og kommunen jobbar etter SLT-modellen. Eininga har ansvar for forvaltning/drift av Ungdomsklubben ØY'NE som starta opp hausten 2024. Tildelingskontoret mottek og behandlar alle søknader om vedtaksbaserte helse- og omsorgstenester, behandlar digitale meldingar om utskrivingsklare pasientar frå HF, og sørger for at desse får tildelt forsvarlege helsetenester i kommunen.

HR-området

Det er gjennomført kontinuerleg arbeid med politikk, rutinar og prosedyrar innan fagområdet. Det er gjennomgått og laga:

- ny lønnspolitisk plan,
- særavtale om arbeidskle og påskjønning- og velferdsreglement.
- Lokale forhandlingar og oppnåing av mål om utjamning, overgang frå prosenttillegg til kronetillegg (unngå auke i avstand som kjem som følge av prosenttillegg).
- vidareutvikling av det gode partssamarbeidet i kommunen.
- Nye prosedyrar for tilsetting med innføring av behovsanalyser, utvalgsmatrise med meir for å sikre dokumentasjon på ein korrekt, kvalifikasjonsbasert og målbar prosess som kan etterprøvast.

Styringskort og styringsindikator

Årsmelding 2024

Fokusområde	Mål	Måleindikator	Resultatmål 2024	Resultat 2024
Innbyggjarar	Kvalitet tilpasse dei økonomiske rammevilkåra	Plassering i forbrukarrådet sine testar av kommunal service	100 eller betre av kommunane i landet. 10 eller bedre av kommunane i Møre og Romsdal	Testen er ikkje gjennomført sidan 2016. Det vert lagt opp til borgarundersøking i februar 2025 i staden.
	Velfungerande informasjons- og kommunikasjonsk anal	Relevant informasjon er lett tilgjengeleg for innbyggjarar og tilsette døgnet rundt. System med digitale søknader mm fungerer godt	Videreutvikle og arbeide meir strategisk med informasjon til innbyggjarane. Giske kommune si heimeside er oppgradert. Utarbeide fleire digitale skjemaer for innbyggjarane	ca 25 nye digitale skjema er utarbeidde. Heimesida er stadig i utvikling: f.eks edialog
Medarbeidarar	Beredskapsarbeid med rett kvalitet eksternt og internt	Gjennomførte beredskapsøvingar og ajourført beredskapsplan	Beredskapsøvingar er gjennomført. Kompetanseheving i beredskapsarbeid er gjennomført.	1 øvingar i regi av statsforvalter. 4 funksjons øvingar i regi av Direktoratet for samfunnssikkerhet og beredskap (DSB). 4 interne øvingar i Nødnett Beredskapsplanen er revidert. 1 intern Evakuering og pårørande senter (EPS) øving
	Velfungerande kvalitets- og internkontroll	Statistikk over avvik og forbetningsforslag	10% auke i meldte avvik og forbetningsforslag i alle einingar	Reduksjon i melde avvik på 15,63% frå 2023 til 2024
		Internkontroll er integrert i planverk og rapportering	Alle einingar rapporterer	Alle einingar tek det med i tertialrapportering

			systematisk på internkontroll	a. Ny metode er i prosess og setjast i verk i 2025
		Plassering i kommunebiletet	Heve plasseringa på alle område i kommunebildet	Kommunebilde er ikkje utarbeidd for 2024. Kommunebarometret har ikkje eige for administrasjon, men kommunen som heilheit hava på 91 plass, ei forbetring på 26 plassar frå 2023.
	IT - sikkerheit	Medarbeidarar som meistrar og kjenner seg trygge på IT-sikkerheit.	Alle medarbeidere har gjennomført opplæring i personvern og informasjonssikkerheit	86,2 prosent av alle tilsette har gjennomført opplæring i personvern og informasjonssikkerheit.
	Godt arbeidsmiljø og tilfredse medarbeidarar	Nærversprosent	96 %	98 %
	Velfungerande HMS-arbeid på alle nivå i organisasjonen.	Vernerunder og arbeid i HMS-utval. Opplevd kvalitet på samarbeid mellom verneteneste/tillitsvalde og arbeidsgivar.	Systematisk HMS-arbeid vert gjennomført i tråd med HMS-årshjul og handlingsplanar. Samlingar med vernerunde er gjennomført med rett kvalitet.	HMS arbeid er spreidd i organisasjonen og rapportert einingsvis.
	Redusere sårbarheit i viktige stabsfunksjonar	Det er etablert tvillingkompetanse eller etablert samarbeid som fungerer med god kvalitet	Samarbeid med andre kommunar eller kjøp av tenester for sentrale stabsfunksjonar som er sårbare i dag (løn, rekneskap, arkiv m.m) er etablert.	Det er tildelt skjønsmidlar for å utarbeide betre samarbeid mellom kommunane. Prosjektleiar vil bli tilset i løpet av 2025. Arbeid med årshjul i Compilo er i prosess og vil vere

Årsmelding 2024

				ein faktor for å redusere sårbarheit.
Økonomi	Lav andel av administrative ressursar. God økonomistyring	Alle leiarar har kompetanse og forståelse for økonomi og økonomistyring	Kompetanseheving i budsjett og økonomistyring er gjennomført.	Innføring av Framsikt som styringsverktøy er ein del av kompetanseheving a
		Kostra Netto driftsutgifter på funksjon 120 administrasjon per innbyggjar	≥ kr 3 500 per innbygger	4 716
		Kostra Netto driftsutgifter på funksjon 120 som andel av totale utgifter	6 %	5,8 %
		Avvik i % av netto driftsramme	≤ 0	+ 1 651 000

KOSTRA Nøkkeltal

	Giske 2021	Giske 2022	Giske 2023	Giske 2024	Kostragruppe 01
Prioritet					
Netto driftsutgifter pr. innbygger til Adm, styring og fellesutgifter (B) **)	4 610	4 589	4 985	5 480	6 309

**) Justert for utgiftsbehov

På kostrafunksjon 120 inneheld tabellen ikkje berre utgifter knytt til rammeområde 2 Kommuneleiling - stab. Tenester som er knytt til rammeområde 3 Fellesutgifter/fellesinntekter, rammeområde 7 Pleie og omsorg og sjølvkostområda i rammeområde 9 Teknisk er også med i tabellen.

For kostrafunksjon 120 administrasjon syner tala at Giske kommune har ein auke frå 2023 til 2024 med kr 227 per innbyggjar.

Giske kommune bruker kr 645 mindre per innbygger enn gjennomsnittet for kostragruppe 1. Dersom Giske skulle bruke det samme som gjennomsnittet i kostragruppe 1 vil dette utgjort ein auke på 5,6 mill.kr.

I tillegg til tabellen ovom er andre kostragruppe også knytt til dette området. Desse kostragruppen er frå 2025 knytt til område 9 Teknisk (Samfunn frå 2025):

KOSTRA - netto driftsutgifter per inbygger per teneste	Giske 2021	Giske 2022	Giske 2023	Giske 2024	Kostragruppe 1 - 2024
231 Aktivitetstilbud barn og unge	1	6	3	0	159
320 Kommunal næringsvirksomhet	-11	1	2	0	-164
325 Tilrettelegging og bistand for næringslivet	30	155	-80	162	304
370 Bibliotek	99	113	187	181	336
380 Idrett og tilskudd til andres idrettsanlegg	31	33	39	29	133
385 Andre kulturaktiviteter og tilskudd til andres kulturbygg	202	117	247	342	353

Indikatoren viser kor mykje av netto driftsutgifter som vert brukt til dei respektive tenestene. Data blir vist i kroner per innbyggjar.

Sjukefråvær

Fråvær	Korttid	Langtid	Samla fråvær
Årleg sjukefråvær 2024	1,31 %	0,41 %	1,73 %

FELLESUTGIFTER/FELLESINNTEKTER

Beskriving av tenesteområde

På dette området blir det ført inntekter og utgifter som er felles for heile kommunen sin organisasjon, og som ikkje kan knytast opp mot einiske einingar eller stab.

Under teneste 1240 diverse fellesfunksjonar er det budsjettert med felles utgifter som:

- Felles kontormateriell på rådhuset
- Beverting til møte og kurs
- Utgifter til porto, telefon og datakommunikasjon

Årsmelding 2024

- Kommunen si ansvarsforsikring
- Lisensar og serviceavtaler for felles IT-program og utstyr
- Utgifter til leige av kopimaskiner
- Serviceavtalear for anna teknisk utstyr som felles kopimaskiner m.v.
- Kontingent til Kommunenes Sentralforbund KS
- Avskrivningar på felles IT-program og utstyr

Årsverksutvikling

Rammeområdet har ikkje tilsette.

Status økonomi per teneste

Beløp i 1000

Teneste	Rekneskap 2023	Rekneskap 2024	Opph. bud. 2024	Rev. bud. 2024	Avvik i kr	Avvik i %
KOMMUNESTYRE OG FORMANNSKAP	119	2	0	0	-2	0,0 %
KOMMUNEDIREKTØR - KOMMUNALSJEFAR	513	223	0	0	-223	0,0 %
PERSONAL OG LØN	194	99	0	0	-99	0,0 %
FORVALTNING AV BYGG	168	88	0	0	-88	0,0 %
GENERELLE PERSONALPOLITISKE TILTAK	1 291	1 832	1 644	1 644	-188	-11,5 %
GENERELLE ARBEIDSMILJØTILTAK	470	394	369	369	-25	-6,7 %
ØKONOMI	274	152	0	0	-152	0,0 %
SERVICEKONTORET	308	124	0	0	-124	0,0 %
DIVERSE FELLESFUNKSJONAR	12 312	12 886	11 512	10 708	-2 178	-20,3 %
IKT	74	31	0	0	-31	0,0 %
SAKSBEHANDLING - FELLES	123	39	0	0	-39	0,0 %
ADMINISTRASJONSBYGG	68	46	0	0	-46	0,0 %
ÅRETS PREMIEAVVIK KLP	-8 668	-17 305	-9 000	-9 000	8 305	92,3 %
ÅRETS PREMIEAVVIK SPK	-4 024	-1 070	-828	-828	242	29,3 %
AMORTISERT PREMIEAVVIK KLP	8 737	8 832	8 506	8 506	-327	-3,8 %
AMORTISERT PREMIEAVVIK SPK	215	815	438	438	-378	-86,3 %
PENSJON	182	202	19	19	-183	-963,8 %
PREMIEFOND	-41 254	-9 760	0	0	9 760	0,0 %
DIVERSE FELLESUTGIFTER	18	19	1 436	1 436	1 417	98,7 %
BARNEHAGE	1 992	1 016	284	284	-731	-257,1 %
STYRKA TILBOD TIL FØRSKOLEBARN	664	244	0	0	-244	0,0 %
GRUNNSKOLE	2 457	1 292	245	245	-1 047	-426,8 %
PEDAGOGISK RETTLEIINGSTENESTE	81	28	0	0	-28	0,0 %
VAKSENOPPLÆRING	13	0	0	0	0	0,0 %
SKOLEFRITIDSTILBOD	883	399	0	0	-399	0,0 %
BARNEHAGELOKALER OG SKYSS	46	24	0	0	-24	0,0 %
SKOLELOKALER	927	263	0	0	-263	0,0 %
FØREBYGGING HELSESTASJONS- OG SKULEHELSETENESTE	901	395	0	0	-395	0,0 %
FOREBYGGANDE ARBEID, HELSE- OG SOSIAL	18	0	0	0	0	0,0 %
AKTIVISERING AV ELDRE OG FUNKSJONSHEMMA	336	171	0	0	-171	0,0 %
KJØKKEN (MAT TIL HEIMEBUANDE)	420	111	238	238	126	53,1 %
DIAGNOSE OG BEHANDLING	190	69	0	0	-69	0,0 %
FYSIO-/ERGOTERAPI TENESTE	513	211	0	0	-211	0,0 %
PSYKISK HELSEVERN	364	171	0	0	-171	0,0 %
SOSIAL RÅDGJEVING OG VEILEDNING	447	162	0	0	-162	0,0 %
FLYKTNINGKONTOR	200	62	0	0	-62	0,0 %
MOT - PROSJEKTET	27	11	0	0	-11	0,0 %
TILBOD TIL PERSONAR MED RUSPROBLEM	140	60	0	0	-60	0,0 %
BARNEVERN TENESTE	728	287	0	0	-287	0,0 %
BARNEVERN TILTAK I FAMILIEN	55	29	0	0	-29	0,0 %
BARNEVERN TILTAK UTANFOR FAMILIEN	28	5	0	0	-5	0,0 %

Årsmelding 2024

Teneste	Rekneskap 2023	Rekneskap 2024	Opph. bud. 2024	Rev. bud. 2024	Avvik i kr	Avvik i %
PLEIE, OMSORG, HJELP I INSTITUSJON	706	316	0	0	-316	0,0 %
INSTITUSJONSKJØKKEN	14	24	0	0	-24	0,0 %
VIGRA OMSORGSSENTER - FJELLRO/NORDSTOVA	0	574	0	0	-574	0,0 %
PLEIE, OMSORG, HJELP TIL HEIMEBUANDE	4 375	0	-27	0	0	0,0 %
BUFELLESSKAP PSYKIATRI VALDERØY	1 025	0	0	0	0	0,0 %
AVLASTNING	491	0	0	0	0	0,0 %
RESET BUFELLESSKAP - DRIFT	1 152	0	0	0	0	0,0 %
GISKE OMSORGSSENTER	3 106	0	332	0	0	0,0 %
Godøy Bukollektiv	799	0	0	0	0	0,0 %
BUFELLESSKAP FUNKSJONSHEMMA	3 384	0	345	0	0	0,0 %
Løkevegen Bufellesskap Psykisk helse	0	382	0	0	-382	0,0 %
Avlastning	0	236	0	0	-236	0,0 %
RESET BUFELLESSKAP	0	600	0	0	-600	0,0 %
Giske Omsorgssenter	0	1 614	0	332	-1 281	-385,6 %
Godøy Bukollektiv	0	396	0	0	-396	0,0 %
BUFELLESSKAP FUNKSJONSHEMMA	0	1 593	0	345	-1 248	-361,8 %
HEIMETENESTE - AMBULERANDE VERKSEMD	0	1 489	0	-27	-1 516	-5608,9 %
INSTITUSJONSLOKALER	0	22	0	0	-22	0,0 %
OMSORGSBUSTADAR	54	76	0	0	-76	0,0 %
UTLEIGEBUSTADER	24	5	0	0	-5	0,0 %
KOMMUNALE SYSSLESETTINGSTILTAK	37	16	0	0	-16	0,0 %
PLANLEGGING / REGULERING	209	111	0	0	-111	0,0 %
KOMMUNALT KARTVERK	47	22	0	0	-22	0,0 %
BYGGESAK	250	104	0	0	-104	0,0 %
Byggesak (vegleiing, klagehandsaming) (ikkje sjølvkost)	83	40	0	0	-40	0,0 %
Utsleppstillatelsar, kontroll og tilsyn	17	15	0	0	-15	0,0 %
Eierseksjonering	6	2	0	0	-2	0,0 %
OPPMÅLINGSFORRETNING	46	25	0	0	-25	0,0 %
NÆRINGSKONTORET	29	13	0	0	-13	0,0 %
NÆRINGSBYGG / EIGEDOMAR	6	5	0	0	-5	0,0 %
INDUSTRIOMRÅDER	78	33	0	0	-33	0,0 %
KOMMUNALE VEGAR	215	91	0	0	-91	0,0 %
PARKAR, PLASSAR M.M.	62	42	0	0	-42	0,0 %
BRANN- OG OLJEVERN	0	10	0	0	-10	0,0 %
BEHANDLINGSANLEGG	40	17	0	0	-17	0,0 %
LEIDNINGSANLEGG VATN	254	111	0	0	-111	0,0 %
LEIDNINGSANLEGG AVLØP	244	114	0	0	-114	0,0 %
SLAMINNHEMING/DEPONERING	15	8	0	0	-8	0,0 %
INNSAMLING AV AVFALL	103	52	0	0	-52	0,0 %
BIBLIOTEK	101	42	0	0	-42	0,0 %
KOMMUNALE IDRETTSBYGG OG IDRETTSANLEGG	12	29	0	0	-29	0,0 %
KULTURSKULE	173	75	0	0	-75	0,0 %
KULTURKONTORET	80	50	0	0	-50	0,0 %
ANDRE KULTURTILTAK	0	1	0	0	-1	0,0 %
Frivilligsentral	75	30	0	0	-30	0,0 %
KOMMUNALE KULTURBYGG	0	2	0	0	-2	0,0 %
Sum	-136	11 044	15 514	14 709	3 665	24,9 %

Kommentar til status økonomi

Rammeområde 3. Fellesutgifter – fellesinntekter viser eit mindreforbruk på kr 3,7 mill.kr.

Det er eit meirforbruk i ansvar 1300 Felles drift og dei største avvika finn ein i teneste 1240 Diverse fellesfunksjonar - med eit meirforbruk på 2 mill kr. Meirforbruket på tenesta stammar i stor grad frå utgifter til datakommunikasjon, lisensar, serviceavtalar og ikt drift. I rammeområdet og på tenesta 1240

var det lagt inn eit innsparingstiltak på 2 mill.kr for reforhandling av serviceavtalar, dette var ikkje gjennomførbart. Med auka grad av digitalisering er dette ein kostnad som aukar på alle områder.

Ved budsjetteringa vart deler av utgiftene til auka tal flyktninger lagt til denne ramma med kr 1 419 000 til fordeling til andre rammeområde ved behov. På grunn av mottak av færre flyktningar enn budsjettert vart det ikkje fordelt noko til andre rammeområde.

Pensjonskostnadar vert ført etter budsjettert prosentsats på rammeområda, dette gjer at det på einingsnivå blir lettare å følgje pensjonskostnaden og endringar på rammeområda kjem som følgje av endringar i løn og ikkje som følgje av premieavvik, amortisering og bruk av premiefond. Dette ligg no i si heilheit i ramme 3 og også avrekninga på slutten av året blir ført i ramme 3.

Premieavvik vert budsjettert som inntekt – amortiseringa ei utgift, netto utgjorde det ei inntekt på kr 8 726 718. Premieavviket i KLP var budsjettert som inntekt med 9 million kroner, medan det vart 14,3 million kroner. Bruk av premiefond som aukar premieavviket vil kome som ei utgift gjennom amortiseringa (avdrag) dei neste 7 åra. Bruk av premiefond vart 8,5 mill. kr og var ikkje budsjettert. Begge deler må ein sjå i sammenheng med pensjonskostnadane som er fordelt på einingane, ser ein kommunen under ett vart det eit samla mindreforbruk på 2,7 million kroner for pensjonskostnadane som kjem hovudsaklig frå bruk av premiefond og preimieavvik. Ser ein løn, sjukeløn og pensjonskostnader samla for alle rammeområda (heile kommunen) er der eit meirforbruk på kr 83 000.

Premieavviket er differansen mellom den berekna pensjons-kostnaden som vert ført i rekneskapen og premien som faktisk er betalt. Den betalte premien vil blant anna avhenge av avkastninga pensjonstilbydaren oppnår på pensjonsmidlane og lønsveksten rekna med utgangspunkt i lønsnivået ved utgangen av året.

I ansvar 1350 felles personal/arbeidsmiljø ligg løn til lærlingar, frikjøp tillitsvalde og andre arbeidsmiljøtiltak. Området er omlag i balanse.

Oppsummering tiltak

Tiltak i Budsjett 2024	2024	2025	2026	2027
Ramme 3/4/6 Flyktnigar Ukraina	1 419	1 419	1 419	1 419
Ramme 3 Reforhandling samarbeidsavtalar	- 2 000	- 2 000	-2 000	-2 000
Sum tiltak	-581	-581	-581	-581

Styringskort og styringsindikator

KOSTRA Nøkkeltal

	Giske 2021	Giske 2022	Giske 2023	Giske Kostragruppe 2024	01
Prioritet					
Netto driftsutgifter (170) Årets premieavvik **)	-231	-2 650	-1 415	-2 019	-1 980

Årsmelding 2024

Kommunekasse

Netto driftsutgifter (170) Årets premieavvik (Kommunekasse)	-2 064	-23 878	-12 691	-18 375	-586 189
Netto driftsutgifter (170) Årets premieavvik (Kommunekasse) **)	-231	-2 650	-1 408	-2 019	-1 969
Netto driftsutgifter per innbygger (180) diverse fellesutgifter (B) (Kommunekasse) **)	2	5	5	7	77

**) Justert for utgiftsbehov

Indikatoren viser kor mykje av dei totale utgiftene som vert brukt til politisk styring og kontrollorgan. Data er vist i kroner per innbygger. Utgifter knytt til eldreråd høyrer til kostrafunksjon 180 og er ikkje med i KOSTRA - oversikta.

Sjukefråvær

Fråvær	Korttid	Langtid	Samla fråvær
Årleg sjukefråvær 2024	1,91 %	1,13 %	3,05 %

DIVERSE TENESTEOMRÅDE

Beskriving av tenesteområde

Ramme 4 består av Nav, sosiale tenester.

Lov om sosiale tenester i Nav inngår i kommunen sitt samla velferdsansvar og omhandlar kommunale tenester og oppgåver som Nav Giske skal utføre og medverke i. Dei obligatoriske kommunale tenestene (minimumsløysinga) som inngår i Nav Giske er opplysning, råd og rettleiing (medrekna økonomisk rådgjeving), økonomisk stønad, mellombels bustad, individuell plan og kvalifiseringsprogrammet.

Ut over minimumsløysinga deltek Nav Giske i Introduksjonsprogrammet for flyktningar, som og er ei kommunal teneste, med arbeidsrelatert opplæring/bistand.

Oppgåvene er til dels forankra i lov, som økonomisk sosialhjelp, og i nasjonale program som kvalifiseringsprogrammet. Desse er førande for kommunen sitt arbeid i høve grupper som treng særskild oppfølging. Giske kommune og Nav Giske har eit tett og godt samarbeid, ein ser at det gjer tenestene kvalitativt betre og heng betre saman. Kvalifiseringsprogrammet og kvalifiseringsstønad må sjåast i samanheng med økonomisk sosialhjelp. Kvalifiseringsprogrammet er eit viktig verkemiddel i kampen mot fattigdom. Målet med programmet er å fremje overgang til arbeid, sosial inkludering og aktiv deltaking i samfunnet ved hjelp av tettare og meir forplikta bistand og oppfølging, også i dei tilfella vegen fram kan vere relativ lang og usikker.

Økonomisk sosialhjelp:

På tross av at det er god tilgang til arbeid har talet på personar som har motteke sosialhjelp auka frå 169 personar i 2023 til 207 personar i 2024 (i utgangspunktet er dette talet mykje høgare, då kvar familie som har motteke sosialhjelp blir rekna som ein person). Dette er ei markant auke og årsak til behov for auka budsjett på området. I disse tala er også busette flyktningar som har motteke støtte i samband med etablering inkludert. Ein ser at ein del av flyktningane blir langtidsmottakar av sosialhjelp grunna

alder. Mange av deltakarane i introprogrammet som har barn, har også behov for supplerande livsopphald. Levekostnadane har auka. Dette gjelder utgifter til bustad, straum, mat m.m.

Frå 01.09.2022 blei det lovfesta at barnetrygd skal haldast utanfor ved berekning av økonomisk stønad.

Etter tilsyn frå Statsforvaltar hausten -23, har Nav Giske større fokus på barnekartlegging, for å ivareta barna sine behov når familiar søker om økonomisk sosialhjelp.

Gjeldsrådgjeving:

Gjeldsrådgjevar jobbar for Nav Giske i 60 % stilling og blir utleigd til Haram kommune i 40 % stilling. 30 brukarar/familiar har fått bistand frå gjeldsrådgjevar i 2024. I tillegg har mange brukarar fått tilbod om opplysning, råd og rettleiing, med mål om å løyse eller førebygge sosiale problem.

Flyktningar:

Flyktningar har prioritert oppfølging frå Nav Giske, vi har dedikerte veiledarar som jobbar med denne gruppa. Kommunen har sidan 2022 hatt ei prosjektstilling med midlar frå Statsforvaltaren, med mål om å utarbeide nye metodar for å få flyktningane raskare i arbeid og arbeidsretta aktivitet.

Nav Giske har i 2024 arbeidd ilag med Flyktningtenesta for å kartlegge kompetansen til flyktningane, dette utført i løpet av ein månad etter ankomst. Dette sikrar at ein får avklart brukarar som kan starte direkte i arbeid/arbeidsretta aktivitet, utan å måtte gå gjennom introduksjonsprogrammet. Kommunen har også som mål at flyktningane skal starte i relevant praksis innan tre månader etter oppstart av introduksjonsprogrammet. Nav Giske samarbeider tett med vaksenopplæringa for å få tilpassa løp, for dei som kombinerer arbeid og introduksjonsprogram. Det har også samarbeida om korleis Nav Giske kan bidra inn i introduksjonsprogrammet, for å auke graden av arbeidsretting av programmet. Nav Giske har arrangert jobb-kaffe for flyktningar på Frivilligsentralen, der ein har hatt besøk av arbeidsgjevarar som har behov for arbeidskraft. Fleire flyktningar har lukkast med å komme i arbeid/arbeidsretta aktivitet gjennom dette prosjektet. Ein erfarer at dei busette flyktningane har hatt større behov for sosiale tenester også under introduksjonsprogrammet enn det ein hadde sett føre seg.

Ungdomsgarantien for unge under 30 år

Unge under 30 år har prioritert oppfølging frå Nav Giske, og har dedikerte veiledarar og jobbkonsulent som jobbar med denne gruppa. Målet er å få fleire brukarar i arbeid og utdanning, med mål om stabil tilknytning til arbeidslivet. Samarbeid med arbeidsgjevarar som ønsker å inkludere brukarar i ungdomsgarantien vert prioriterte.

Nav Giske har ein stor del brukarar under 30 år, som slit med å få innpass i arbeidslivet og/eller varig tilknytning til arbeidslivet. Dette kan skuldast fleire forhold som til dømes fråfall i vidaregåande skule, helseutfordringar eller sosial arv. Desse kan vere aktuelle både for kommunale og statlege ytingar og tiltak. For å lukkast med oppfølging av dei unge, er det særskilt viktig å ha styrka samhandling med ulike einingar i Giske kommune, vidaregåande skular, helsevesen osv. Frivilligsentralen blir brukt til arbeidsretta tiltak for dei som står lengst frå arbeidslivet. Nav Giske deltek i faste møter i SLT-koordinerande nivå.

Arbeidsløyse:

Arbeidsløysa i Giske har gått ned frå 1,6 % i 2023 til 1,5 % i 2024. Nav Giske sin erfaring er at det fortsatt er stort behov for kvalifisert arbeidskraft. Arbeidsløysa i Giske er særleg kjenslevar for aktiviteten i industrien, flyplassen og auka aktivitet/nedtrapping her gir også store ringverknader til underleverandørar og andre.

Marknadsarbeid:

Marknadsarbeidet er ein forutsetning for å kunne lukkast med hovedprioriteringane. Nav Giske prioriterer å samarbeide med arbeidsgjevarar som gir brukarar moglegheiter i arbeidslivet gjennom arbeidsinkludering. Nav Giske tilpassar seg ein arbeidsmarknad i omstilling og tilbyr kvalifiseringsløp og tiltak som er tilpassa den enkelte brukar, med mål om stabil tilknytning til arbeidslivet. Jobbkonsulent har eit spesielt ansvar for å skape kontaktar i arbeidsmarknaden.

Årsverksutvikling

Nav Giske har i 2024 hatt 7 kommunalt tilsette (6,6 årsverk) og 9 statlig tilsette (9 årsverk)

Status økonomi per teneste

Beløp i 1000

Teneste	Rekneskap 2023	Rekneskap 2024	Opph. bud. 2024	Rev. bud. 2024	Avvik i kr	Avvik i %
SOSIAL RÅDGJEVING OG VEILEDNING	4 582	4 438	4 548	4 548	110	2,4 %
KVALIFISERINGSPROGRAM	1 387	1 648	1 533	1 533	-115	-7,5 %
ØKONOMISK SOSIALHJELP	5 911	9 315	6 911	6 911	-2 404	-34,8 %
NAV DRIFT - STATLEG DEL	-3	6	0	0	-6	0,0 %
Sum	11 878	15 407	12 992	12 992	-2 415	-18,6 %

Kommentar til status økonomi

Ramme 4, sosialtenester, meirforbruk på kr 2 415 028 i 2024. Meirforbruket har samanheng med generell auke i levekostnadar i samfunnet. Ein ser at fleire som tidlegare ikkje har motteke sosialhjelp, no har behov for støtte. Dette er ein generell trend i alle kommunar i landet. Meirforbruket vart varsla gjennom heile 2024, det var ikkje tilført midlar gjennom budsjettendring.

Oppsummering tiltak

Kommunen har hatt stort fokus på å begrense kostnadane og har hatt følgjande tiltak gjennom 2024:

- Fokus på rask formidling til arbeid og arbeidsretta aktivitet.
- Sal av teneste gjeldsrådgjeving til Haram kommune.
- Tiltak for å få flyktningane raskare i arbeid. Samarbeid med teknisk eining med mentor-ordning. Kommunen ønsker om å utvide dette til å gjelde fleire områder i kommunen.
- Tett samarbeid med Frivilligsentralen om arbeidstrening for dei som står lengst frå arbeidsmarknaden.
- Tiltak for å tilby arbeid og arbeidsretta aktivitet til flyktningar over 55 år.
- Kontinuerleg forbetningsaktivitet i eininga kr 100 000.

Årsmelding 2024

- Samarbeid med andre tenester i høve mottak og integrering av nye flyktningar, kr 750 000 gjennom leanprosjekt. Dette inneber blant anna at Nav gjennom prosjektstilling frå Statsforvaltaren har sett i gong arbeidsmetodar som medfører tidleg kompetansekartlegging av flyktningar, som fører til kortare introløp og rask overgang til arbeid og arbeidsretta aktivitetar.
- For å kunne ta imot fleire flyktningar på slutten av 2024, har Nav tatt over ansvaret for å skaffe bolig til flyktningane.

Tiltak vedtatt for budsjett 2024	2024	2025	2026	2027
Ramme 2 - Stab Kontinuerlig forbedringarbeid	- 100	- 100	- 100	- 100
SOSIALTENESTA (3300)	- 100	- 100	- 100	- 100
Ramme 3 Felles/4 Sosialtenesta/6 BFH - Flyktningar Ukraina	1 000	1 000	1 000	1 000
SOSIALTENESTA (3300)	1 000	1 000	1 000	1 000
Ramme 4 Sosialtenesta, 6 BFH - Endring i flyktningtenesta	- 750	- 750	- 750	- 750
SOSIALTENESTA (3300)	- 750	- 750	- 750	- 750
sum tiltak	150	150	150	150

Ramme 4, Nav Sosiale tenester, hadde følgjande driftstiltak i 2024.

- Endringar i flytningarbeidet. Fellestiltak. Reduksjon eitt årsverk kr 750 000
- Felles ramme 4 og ramme 6. Flyktning Ukraina. Auke kr 1 mill grunna mottak av fleire flyktningar, auka sosialhjelp-budsjettet
- Kontinuerleg forbetring. Reduksjon kr 100 000

Samla driftstiltak, styrking av ramma kr 150 000.

Tenesta reduserte eitt årsverk knytt opp mot arbeid med flyktningar. Trass god tilgang til arbeid har talet på personar som har motteke sosialhjelp auka frå 169 personar i 2023 til 207 personar i 2024. I tala er også busette flyktningar som har motteke støtte i samband med etablering inkludert. Ein ser at ein del av flyktningane blir langtidsmottakar av sosialhjelp grunna alder. Mange av deltakarane i introprogrammet som har barn, har også behov for supplerande livsopphald. Levekostnadane har auka. Dette gjelder utgifter til bustad, straum, mat mv.

Ein har ikkje i budsjettet tatt høgde for den store auka i behovet for sosialhjelp, difor har ramme 4 styrt mot eit betydeleg meirforbruk i 2024.

Viktige hendingar

Sikkerheit:

Nav Giske skal vere ein trygg og sikker arbeidsplass. Nav Giske har i 2024, hatt stort fokus på forbetring av sikkerheitstiltak. I tillegg til å utarbeide beredskapsplan, har vi utarbeida risikovurderingar på tre områder:

- Kartlegging i forhold til vold og truslar og uheldige belastningar
- Kartlegging av organisatorisk og psykososialt arbeidsmiljø
- Kartlegging av sikkerheit i mottak

Det blei i denne prosessen avdekka store sikkerheitsavvik i mottaksområdet. Giske kommune, Nav Giske og Nav Møre og Romsdal har samarbeida om kva tiltak som skal settast i verk. Ombyggingsarbeidet starta i 2024, og vil fortsette utover våren 2025.

HMS/arbeidsmiljø:

Det har dei siste to åra vore stor utskifting i personalet. I 2024 har det vore tilsetjing av 4 stillingar og i 2023 7 stillingar, totalt tilsetjing av 11 stillingar. Det har gjennom 2024 vore stor arbeidsbelastning på dei tilsette på grunn av ubesette stillingar og utfordringar med stort opplæringsbehov for nytilsette. Nav

Giske har i 2024 sett i gang vurdering av omorganiseringsprosess, for å vurdere effektivisering og moglegheit for å redusere belastning på dei tilsette. Dette arbeidet vil fortsette i 2025.

Nav Giske har fokus på systematisk HMS arbeid. For å sikre at HMS arbeidet blir ivareteke, har ein utarbeida HMS årshjul. HMS/arbeidsmiljø er fast tema i månadlege møter i medbestemmelsesapparatet (MBA) og i kontormøter. Nav Giske har hatt fleire HMS tiltak i 2024:

- Fått på plass både kommunale og statlege verneombod og tillitsvalde
- Tilpassa kontorarbeidsplassar, då lokala er ueigna i forhold til tal tilsette
- Fagdagar på ulike tema
 - Trygge brukarmøter
 - Teambuilding
 - Psykologisk trygghet og emosjonell belastning
 - Veiledarrollen – kompleksitet og krysspress
 - Simulering med øving på ulike trusselsituasjonar

Tverrfagleg samhandling – koordinerte tenester:

Nav Giske har godt samarbeid med dei ulike einingane i kommunen. Deltaking i ulike arbeidsgrupper:

- Samhandlingsteam for god oppvekst
- Koordinerende team
- SLT-koordinerende nivå
- Bustadsosialt team

Styringskort og styringsindikator

Fokusområ de	Mål	Målendikato r	Resultat 2023	Resultat 2024
Brukarar	Auke tal brukarar som nyttar digitale tenester.	Brukarar på sosialområde t som kan nytte digitale tenester skal nytte DIGISOS som plattform for søknader om sosialhjelp.	57% nyttar digitale verkty. Årsak til lavt tal er flyktningar som ikkje nyttar dette.	56% nyttar digitale årverk. Årsak til lavt tal er flyktningar som ikkje nyttar dette.
	Oppretthalde fokus og satsing på gjeldsrådgjeving	Alle som melder om behov skal få tilbod om bistand.	Stort fokus på området, tal saker har auka frå 17 i 2022 til 30 i 2023. Mange får råd og rettleiing.	30 brukarar/familiar har fått bistand frå gjeldsrådgjevar i 2024

	Vurdere Kvalifiseringsprogrammet (KVP) for brukarane og tilby program til alle som fyller vilkåra	Giske kommune har i rammetilskot et fått budsjett til 7 brukarar i KVP	7 brukarar. Dei som fyller vilkår får dette.	6 brukarar. Dei som fyller vilkår får dette.
	Sette vilkår om aktivitet ved tildeling av økonomisk sosialhjelp til brukarar under 30 år	Følge intensjonen i Sosialtenestelova § 20.	Ungdomsgaraniten. Nyttar frivilligssentralen som eit aktivitetskrav med arbeidsretta tiltak for brukarar under 30 år.	Prioritert område. Veiledarar og jobbkonsulent jobbar med denne gruppa. Frivilligssentralen vert nytta som arbeidsretta tiltak.
Medarbeidarar	Ein trygg og sikker arbeidsplass, systematisk HMS-arbeid	NAV Giske sin verksemdplan. Månadlege tema. Utarbeidd årshjul. Beredskapsplan.	Utført ROS-analyse og laga handlingsplan. Kartlegging sikkerhet i mottak. Arbeider med tiltak. Utarbeiding av beredskapsplan Medarbeidarundersøkinga viser høg grad av psykologisk trygghet og sjølvbestemmelse. Sjukefråvær tilsette 4,6 % kommune, 0,5 % stat	Utarbeida beredskapsplan og utført risikovurderingar på fleire områder. Ombygging av mottaksområdet er under arbeid. Utarbeida HMS årshjul. HMS/arbeidsmiljø er fast tema i månadlege møter i medbestemmelsesapparatet (MBA) og i kontormøter. Nav har fått på plass både kommunale og statlege verneombod og tillitsvalde. Tilpassa kontorarbeidsplassar, då lokala er ueigna i forhold til antall tilsette. Fagdagar på ulike tema.

Økonomi	God økonomistyring	Avvik i % vedtatt netto driftsramme.	Målet er nådd. Avvik meirforbruk 1,57%.	Avvik meirforbruk 18,59%. Kr 2 415 000
----------------	--------------------	--------------------------------------	---	---

KOSTRA Nøkkeltal

	Giske 2021	Giske 2022	Giske 2023	Giske Kostragruppe 2024	Giske Kostragruppe 01
Prioritet					
Netto driftsutgifter til økonomisk sosialhjelp pr innbygger 20-66 år (B) **)	1 187	1 410	1 902	2 834	3 400
Dekningsgrad					
Andel mottakere med sosialhjelp som hovedinntektskilde (B)	25,9 %	31,7 %	16,0 %	17,8 %	35,4 %
Andelen sosialhjelpsmottakere 18-24 år, av innbyggerne (19)-24 år (B)	3,1 %	2,7 %	3,7 %	4,2 %	5,9 %

**) Justert for utgiftsbehov

Giske kommune ved Nav Giske leverer tenester av god kvalitet og økonomisk effektive.

Sjukefråvær

Fråvær	Korttid	Langtid	Samla fråvær
Årleg sjukefråvær 2024	1,48 %	1,15 %	2,63 %

OPPVEKST

Beskriving av tenesteområde

Ramme 5 oppvekst

Det er 4 barneskular, ein felles ungdomsskule og to kommunale barnehagar, som saman med Pedagogisk psykologiske tenester utgjer oppvekstsektoren i Giske kommune. Det er eit tett samarbeid rundt kompetanse- og kvalitetsutvikling også med dei seks private barnehagane i kommunen. Vaksenopplæring og grunnskule for vaksne er tenester vi kjøper frå Ålesund kommune.

Visjonen for ein oppvekst i Giske kommune er “ Det var bra eg kom”. Visjonen tar utgangspunkt i barnet si erfaring etter dagen i barnehage og skule, og er både fagleg og politisk forankra. Alle val Giske kommune gjer skal vere til barn sitt beste.

Alle tilsette i barnehage og skule er involvert i langsiktige, systematiske læringsprosessar, knytt til inkluderande praksis og førebygging av utanforskap.

Alle barn og unge i Giske kommune har rett til ein trygg og god oppvekst. Omkostningane ved at nokon fell utanfor samfunnet er enorme, for den enskilde og også for familien og samfunnet. God kvalitet i

barnehage og skule er forstått som ein viktig beskyttelsesfaktor. Gjennom 2023 og 2024 har visjonen for ein oppvekst i Giske kommune "*Det var bra eg kom*" blitt meir konkretisert i einingane, gjennom utvikling av kunnskapsgrunnlag og at alle, på tvers av fag, øver på nye og betre praksisar.

Å ha PPT-tilsette og helsejukepleiar med i inkluderingsteama i barnehage og i skule har bidratt til å styrke utviklinga av ein betre inkluderande praksis. Gjennom 2024 har både barnevern, psykisk helseteam for barn og unge og fysio-ergo tenesta blitt med i inkluderingsteam. Dette har styrka det faglege djupnesynet og bidratt til at det blir satt inn betre og meir kunnskapsbaserte tiltak når noko er krevjande for eit barn eller i eit læringsmiljø. Dei tilsette i barnehage og skule erfarer ikkje berre at det er eit lag rundt barnet, dei erfarer også å ha eit lag rundt sitt eige samfunnsoppdrag.

Større involvering av føresette er også eit mål i arbeidet med å utvikle inkluderingsteam. Nokre av einingane har prøvd dette ut og vil prioritere det vidare. Oppvekstsektoren har gjennom 2024 hatt rammer for lovleg drift i grunnskulen med minste lærarnorm, også med tiltak knytt til tidleg innsats. For barnehageområdet har det vore låg grunnbemanning og utfordrande å rekruttere rett kompetanse.

Befolkningsframskrivinga viser at utgiftsbehovet i grunnskulen i Giske vil vekse fram mot 2030, medan barnetal i barnehage vil synke noko.

Teneste 2110 Barnehage

Dei kommunale barnehagane drifta med mindreforbruk på til saman ca 0,5 mill, dette til trass for utvida fagleg satsing, tilsvarande ei 100% stilling. Det er krevjande å rekruttere rett og tilstrekkeleg kompetanse, det er krevjande å rekruttere vikarar til å dekke opp sjukefråvær.

Det går 8 fleire barn i barnehage i Giske kommune i 2024 , enn det gjorde i 2023, 27 færre enn i 2022. Samfunnsplanen legg til grunn at Giske kommune bør ha fleire kommunale barnehageplassar og i 2024 vart aktuelle private barnehagar inviterte til dialog om evt kommunal overtaking. Dialogane førte ikkje til at kommunen har overtatt drift av private barnehagar, så langt.

Felles kompetanseutvikling, finansiert av tilskotsordning, femner alle tilsette i dei 8 barnehagane i Giske kommune. Dei arbeider med profesjonsutvikling knytt til inkluderande språkmiljø. Dette skjer i form av barnehagebasert aksjonsforskning i samarbeid med Høgskulen i Volda. Alle tilsette er med og styrarmøta er arena for leiarstøtte i prosessen. Arbeidet har langlys på og vil vare over fleire år.

Teneste 2010 Førskule og private barnehagar drifta med eit underforbruk på nesten 5 million. Kostnadane for overføring til private barnehagar vart noko lågare enn berekna og området har blitt styrka med 2 mill i høve den opprinneleg budsjettprosessen.

Teneste 2111 Styrka tilbod til førskolebarn

Spesialpedagogisk team for barnehage vart frå 01.02.2024 organisert under PPT, som vart oppretta som eining frå same dato, utan at budsjettjustering vart gjennomført. Spesialpedagogane er knytt tett opp til den enkelte barnehage, bidrar i inkluderingsteam og også i avdelingsmøter, for slik å skape betre samanheng mellom det allmenn-pedagogiske og det spesial-pedagogiske. Spesialpedagogane har også støtta barnehagane i å utvikle den analytiske praksisen, bruk av analysemodellen, gjennom å delta i inkluderingsteam og i avdelingsmøter.

Tenesteområdet gjekk med eit meirforbruk på 635 448, dei kommunale barnehagane såg sitt mindreforbruk som ei utjamning av dette. Ein større andel av det spesial-pedagogiske arbeidet til

teamet går no til systemarbeid. Å skape betre samanheng mellom det allmenn-pedagogiske og det spesial-pedagogiske er ei klar bestilling i Kompetanseløftet for inkluderande praksis og spesialpedagogikk.

Teneste 2120 Grunnskule

Grunnskule hadde eit overforbruk på 4,89 millionar. Overforbruket er knytt til auka lønnsutgifter. Tilpassing av ressursar i klasser/klassedeling har vore ein del av utgiftsbiletet både knytt til elevar som ikkje har eit trygt og godt læringsmiljø, eller ikkje tilfredstillande læringsutbytte. Fagleg inkludering er overskrifta for kompetanseutviklinga i grunnskulen. Denne profesjonsutviklinga er finansiert av tilskotsordninga og blir gjennomført i partnerskap med Høgskulen i Volda. Det er eit fokus på “rike oppgåver”, altså ei open utforsking av fagleg tema, med tenke- og arbeidsmåtar som er sentrale i faget. Denne kunnskapsutviklinga gir læraren gode verktøy for ei meir inkluderande praksis både fagleg, sosialt og kulturelt. Alle tenester som arbeider med barn og unge i Giske kommune har eit tydeleg oppdrag om å arbeide for å førebygge utanforskap. Å lykkast med dette oppdraget er komplekst og fordrar innsats på mange områder. “Innafor” er overskrift for all kompetanseutvikling i Nordre Sunnmøre, oppvekst. Etter initiativ frå SLT-koordinator har alle skulane hatt leiarar på opplæring i Kjentmann, eit rus- og kriminalitetsførebyggjande tiltak i regi av Korus-midt. Det er også utarbeida ein Rus-førebyggjande plan.

Ny opplæringslov fordrar vedtak av kommunale forskrifter og den fordrar også ei ny og anna tilnærming til det vi før kalla spesialundervisning. Det er eit omfattande arbeid å oppdatere alle prosedyrar og retningslinjer til nytt lovverk, og ikkje minst det å implementere ein ny og betre praksis.

Teneste 3830 Kulturskule

Kulturskulen drifta med eit meirforbruk på knapt 200 000.

Kulturskulen er eit viktig supplement til oppvekstmiljøet i Giske kommune, med bidrag for å gjere Giske kommune til ein god plass å vekse opp, gi opplæring og meistring, samt gi barn høve til å følge sin draumar og ambisjonar. Kulturskulen er eit viktig bidrag til elevar som vil utvikle talentet sitt, samt ei viktig støtte til kulturlivet i Giske kommune. Kulturskulen bidrar med kompetanse og støtte til ungdomsskulen sin årlege musikal, og leverer tenester til andre einingar, noko som fører til livsglede og meistring. Organisatorisk blir kulturskulen frå januar 2025 flytta frå oppvekst til avdeling for kultur, under Samfunn. Å halde fram det gode samarbeidet mellom oppvekst og kulturskulen er eit uttalt felles ønske.

Teneste 2130 Vaksenopplæring

Resultat 2024 er eit meirforbruk på 0,7 mill. Giske kommune kjøper frå august 2023 vaksenopplæringa frå Ålesund kommune. Budsjettet vart redusert med tanke på å kunne drifte vaksenopplæring som eit tverrfagleg tilbod drifta av Giske kommune. Elevar som tek Grunnskule for vaksne, introprogram, samt norsk og samfunnsfag, får denne opplæringa ved Ålesund vaksenopplæring.

Teneste 2150 Skolefritidstilbod

Tal elevar som nyttar plass i SFO har auka med ca 30 % dei siste par åra. Det blir gjort årlege utrekningar av sjølvkost i SFO-ordninga. Driftsresultat på meirforbruk 1, 26 mill. Nettokostnaden går i hovudsak til ekstra tiltak for barn med særskilte behov for oppfølging og tilrettelegging. Frå 1. august 2024 er det gratis kjernetid i SFO for elevar på 1. , 2. og 3. trinn. Dette har auka andelen barn i SFO, og fleksibelt

Årsmelding 2024

arbeidsliv gjer at mange familiar berre bruker gratis kjernetid, noko som sterkt utfordrar ambisjonane og SFO som sjølvkostområde.

Teneste 2230 skuleskyss

252 elevar hadde skuleskyss hausten 2024 og det var eit overforbruk på vel 50 000,- på dette området.

Årsverksutvikling

Skuleår	Lærarar	Lærar som oppfyller kompetansekrava	Kontaktlærar	Assistent/årsverk %
2022/23	127	121	76	44/24,8
2023/24	120	112	80	47/23,5
2024/25	126	120	82	54/27,2

Kjerneverksemd	Tal brukarar 2023	Tal brukarar 2024	Årsverk 2022	Årsverk 2023	Årsverk 2024
2 komm. bhg	105	113	24,8	29,1	31,5
6 priv. bhg	398	404	-	-	108,5
Spesped bhg ** §31	27	27	5,7	5,7	5,7
Tilrettelegging § 37					6,57
Norsk og samf. for innvandrarar ***	17	30	-	-	-
Grunnskule vaksne	2	3	-	-	-
Administrasjon oppvekst	-	-	3	3	3

Status økonomi per teneste

Beløp i 1000

Teneste	Rekneskap 2023	Rekneskap 2024	Opph. bud. 2024	Rev. bud. 2024	Avvik i kr	Avvik i %
DIVERSE FELLESFUNKSJONAR	17	0	0	0	0	0,0 %
IKT	7	0	0	0	0	0,0 %
BARNEHAGE	91 411	94 230	99 887	99 887	5 657	5,7 %
STYRKA TILBOD TIL FØRSKOLEBARN	11 535	10 983	10 347	10 347	-635	-6,1 %
GRUNNSKOLE	133 987	137 743	132 851	132 857	-4 886	-3,7 %
PEDAGOGISK RETTLEIINGSTENESTE	2 088	1 504	1 207	1 207	-297	-24,6 %
VAKSENOPPLÆRING	3 159	2 190	1 475	1 475	-715	-48,5 %
SKOLEFRITIDSTILBOD	5 488	7 372	6 109	6 109	-1 263	-20,7 %
SKOLELOKALER	1	0	0	0	0	0,0 %
SKOLESKYSS	2 200	2 187	2 134	2 134	-53	-2,5 %

Årsmelding 2024

Teneste	Rekneskap 2023	Rekneskap 2024	Opph. bud. 2024	Rev. bud. 2024	Avvik i kr	Avvik i %
SOSIAL RÅDGJEVING OG VEILEDNING	0	2	0	0	-2	0,0 %
MOT - PROSJEKTET	241	188	1 052	1 052	864	82,1 %
KULTURSKULE	920	1 039	851	851	-188	-22,1 %
Sum	251 054	257 437	255 913	255 919	-1 518	-0,6 %

Kommentar til status økonomi

Ramme 5 oppvekst drifta med eit overforbruk på 1, 5 mill.

2210 VIGRA BARNEHAGE

Mindreforbruk på omlag kr 250 000,- Krevjande å få satt inn vikar ved sjukefråvær.

2220 GISKE BARNEHAGE

Mindreforbruk på 231 320, krevjande å få tak i vikarar/nok tilsette.

2310 VIGRA SKULE

Meirforbruk på kr. 103 002,-. tiltak med meirbemanning knytt til Opplæringslova § 12.2

Ny skule på Vigra skal stå ferdig i 2027 og personale har investert tid og krefter i prosessen med å planlegge ny skule og å rigge for drift i modulbygg i byggperioden.

2320 VALDERØY BARNESKULE

Eininga har hatt eit overforbruk i 2024 på 5064 531,-.

4 mill.kr. er overforbruk på grunnskule, 3,2 er knytt til for høge lønnsutgifter, 500 000 er knytt til kjøp av lærebøker/anna undervisningsmateriell.

2120 SFO:

900 000 er knytt til SFO 200 000 i lønnsutgifter, 700 000 i redusert foreldrebetaling.

3830 kulturskulen:

Kulturskulen drifta med eit meirforbruk på 188 024,- I hovudsak skuldast dette to faktorar, eit overforbruk på lønn på 126 788 og lågare brukarinntekter enn forventa -84 325. Det er mindreforbruk på driftsutgifter på knapt 25 000,- som reduserer overforbruket.

2340 GISKE SKULE

Meirforbruk tilsvarende 291 644 kr. Eininga har hatt meirutgifter på lønn på 847 178,- og har kompensert med reduserte driftsutgifter/refusjonar for sjukefråvær.

2350 GODØY SKULE

Godøy skule heldt budsjettet for 2024 og har totalt sett eit mindreforbruk på kr 361 767.

2380 GISKE UNGDOMSSKULE

Meirforbruket på kr. -1.914.272.

Meirforbruket er i hovudsak knytt til kjøp av produksjon frå Ålesund kommune/private

Oppsummering tiltak

Årsmelding 2024

Tiltak vedtatt for budsjett 2024	2024	2025	2026	2027
Ramme 2 - Stab Kontinuerlig forbedringsarbeid	- 2 750	- 2 750	- 2 750	- 2 750
VALDERØY BARNESKULE (2320)	- 2 750	- 2 750	- 2 750	- 2 750
Ramme 2, ramme 6 Ny organisering spesialpedagogiske tenester	- 857	- 857	- 857	- 857
Ramme 2, 4, 5, 6 ,7, 9 Samhandling og koordinering	- 665	- 710	- 741	- 771
VIGRA SKULE (2310)	- 66	- 69	- 70	- 71
VALDERØY BARNESKULE (2320)	- 264	- 290	- 303	- 316
GISKE SKULE (2340)	- 33	- 34	- 36	- 37
GODØY SKULE (2350)	- 40	- 41	- 42	- 43
GISKE UNGDOMSSKULE (2380)	- 264	- 277	- 290	- 303
Ramme 5 oppvekst - Lærebøker i tråd med LK 20	474	474	474	474
Ramme 5 oppvekst - redusert foreldrebetaling i barnehage	2 900	5 800	5 800	5 800
Ramme 5 Oppvekst - Tidlig innsats språk og begrepslæring barnehage - 2024	702	662	662	662
Ramme 5 Oppvekst	- 857	- 857	- 857	- 857

reduksjon i lærarstilling 100%				
Ramme 5 oppvekst -Symjeopplæring meir i tråd med kompetansemåla	500	500	500	500
Ramme 5 Oppvekst- tidleg innsats, lovleg drift	2 338	2 338	2 338	2 338
RAMme 5 Vaksenopplæring	- 3 000	- 3 000	- 3 000	- 3 000
Sum tiltak	- 1 215	1 600	1 570	1 540

- 47 - Samhandling og koordinering: Det er oppretta inkluderingsteam med tverrfagleg deltaking i alle barnehagar (også dei private) og skular. Den tidlege, systematiske tverrfaglege innsatsen gjer at ein treff betre med kunnskapsbaserte tiltak.
- 040 - Lærebøker: Det er prioritert innkjøp av læremiddel.
- 043 - Symjeopplæringa vart prioritert og systematisert i vår-halvåret, men grunna den økonomiske situasjonen vart den planlagde doblinga av symjeopplæring stoppa for hausthalvåret.
- 035 - Tidleg innsats ; Styrking av begynneropplæringa, lesekurs og matematikkurs er oversett på skulane
- Tidleg innsats språk er iverksett i dei to kommunale barnehagane med prioritet tilsvarende ei 50 % stilling i kvar barnehage.
- PPT

Kontinuerleg forbetringsarbeid:

Tiltaket vart iverksatt som eit budsjettbalansetiltak. Med bakgrunn i vurdering av kostra-status for tenesteområda, vart budsjettreduksjonen fordelt mellom grunnskulane, basert på elevtal. Det er krevjande for oppveksteiningane, som har driftsåra som skuleår, å hente ut tenestereduksjon på ein måte som ikkje generer brot på arbeidsmiljølov, lærarnorm og/eller opplæringslova. Nokre av skulane greier å effektuere tiltaket, andre ikkje. Valderøy barneskule og Vigra skule får varsel frå statsforvalter om for lav lærarnorm på 1.-4. klasse.

Ny organisering spesialpedagogiske tenester:

Spesialpedagogisk team for barnehage blei fagleg og organisatorisk flytta til nyoppretta eining, PPT, og flytta frå Barn familie og helse til oppvekst 1. februar. Budsjettjustering vart ikkje gjennomført. PPT har både jobba strategisk for å korte ned venteliste for sakkunnig vurdering, og samstundes jobba systemretta i barnehage og i skule. I tillegg har dei bidratt inn i inkluderingsteam i barnehage og skule. Alle tilsette er med på profesjonsutvikling knytt til rettleiarkompetanse for slik å være rusta for nye,

meir systemretta oppdrag. Dette tiltaket er i regi av tilskotsordninga Kompetanseløftet, koordinert av nettverk Nordre Sunnmøre i partnerskap med Høgskulen i Volda.

Samhandling og koordinering:

Betre samhandling og koordinering gir effekt på kort og på lang sikt. Den kortsiktige effekten handlar om betre djupnesyn og breiare kunnskapsgrunnlag i val av tiltak knytt til tidleg innsats, på både individ og systemnivå. På lang sikt vil samhandling og koordinering også bidra til at det blir gitt rette, koordinerte tenester på meir effektivt vis. Arbeidet med samhandling og koordinering har bidratt målretta til å bygge ein fellesskapskultur, ei interesse og ein respekt for kvarandre sine kompetansar og fagområder. Dette gjer at tenestene arbeider meir førebyggjande, at laget blir meir robust i møte med ønsket og samskaping og medverknad.

Investering i lærebøker LK 20:

I tillegg til einingane sine eigne budsjett knytt til investering i læremiddel, vart det også prioritert å styrke innkjøp av lærebøker/digitale læringsressursar på nokre trinn. Skulane har investert i lærebøker/læremiddel for meir variert og aktiv opplæring. Tiltaket vart ikkje fullt ut realisert, då også oppvekst måtte bidra til å redusere overforbruket som viste seg i tenesteområda i august.

Redusert foreldrebetaling i barnehagen:

Den reduserte foreldrebetalinga har ikkje ført til overforbruk i dei kommunale barnehagane. Både Vigra barnehage og Giske barnehage drifta med underforbruk. Dette innber at drifta har vore lovleg, men marginal.

Tidleg innsats språk og begrepslæring i barnehagen:

Dei kommunale barnehagane vart styrka med ei 50 % stilling kvar til tidleg innsats på språk og begrepsopplæringsområdet. Dette tiltaket har gitt god effekt på kvalitet og kompetanse, barna i barnehagane får eit betre, meir målretta språkopplæringstilbod.

Reduksjon i 100 % lærarstilling:

Dette tiltaket vart lagt til Valderøy barneskule og er ikkje realisert med ønska effekt i 2024.

Symjeopplæring meir i tråd med kompetansemåla:

For å sikre betre opplæringsutbytte enn låg måloppnåing i kompetansemåla for symjing, vart ressursane til symjeopplæringa fordobla i 2024. Symjeopplæringa vart gjennomført som planlagd i vårsemesteret, men doblinga var stoppa i haustsemesteret grunna det totale overforbruket i tenesteområda. Vi kjøper tenester med Bybadet i Ålesund, noko som er relativt kostnadskrevjande.

Tidleg innsats, lovleg drift:

Opplæringslova § 11.3 pålegg skulane å gi intensivopplæring når elevar ikkje får eit tilfredsstillande utbytte av den ordinære opplæringa i lesing, skriving og rekning. Skulane arbeider godt med dette.

Vaksenopplæring:

Dert var lagt inn eit innsparingstiltak på 3 million knytt til å kunne etablere vaksenopplæring i Giske kommune. Det vart verksett kartlegging og utgreiing av mogleg ledig kapasitet i tenestene for å kunne realisere dette, og slik også realisere kjøp av tenester frå andre. Tenesten måtte realiserast som eit spleiselag mellom dei ulike tenesteområda, noko som viste seg vanskeleg å realisere. Det er også stor mangel på ledige rom i formålsbygga våre. Vaksenopplæringa landa på eit overforbruk på 750 000.

Utvalde resultat

Kontinuerleg forbetningsarbeid:

Tiltaket vart iverksatt som eit budsjettbalansetiltak. Med bakgrunn i vurdering av kostra-status for tenesteområda, vart budsjettreduksjonen fordelt mellom grunnskulane, basert på elevtal. Det er krevjande for oppveksteiningane, som har driftsåra som skuleår, å hente ut tenestereduksjon på ein måte som ikkje generer brot på arbeidsmiljølov, lærarnorm og/eller opplæringslova. Nokre av skulane greier å effektivisere tiltaket, andre ikkje. Valderøy barneskule og Vigra skule får varsel frå statsforvalter om for lav lærarnorm på 1.-4. klasse.

Ny organisering spesialpedagogiske tenester:

Spesialpedagogisk team for barnehage blei fagleg og organisatorisk flytta til nyoppretta eining, PPT, og flytta frå Barn familie og helse til oppvekst 1. februar. Budsjettjustering vart ikkje gjennomført. PPT har både jobba strategisk for å korte ned venteliste for sakkunnig vurdering, og samstundes jobba systemretta i barnehage og i skule. I tillegg har dei bidratt inn i inkluderingsteam i barnehage og skule. Alle tilsette er med på profesjonsutvikling knytt til rettleiarkompetanse for slik å være rusta for nye, meir systemretta oppdrag. Dette tiltaket er i regi av tilskotsordninga Kompetanseløftet, koordinert av nettverk Nordre Sunnmøre i partnerskap med Høgskulen i Volda.

Samhandling og koordinering:

Betre samhandling og koordinering gir effekt på kort og på lang sikt. Den kortsiktige effekten handlar om betre djupnesyn og breiare kunnskapsgrunnlag i val av tiltak knytt til tidleg innsats, på både individ og systemnivå. På lang sikt vil samhandling og koordinering også bidra til at det blir gitt rette, koordinerte tenester på meir effektivt vis. Arbeidet med samhandling og koordinering har bidratt målretta til å bygge

ein fellesskapskultur, ei interesse og ein respekt for kvarandre sine kompetansar og fagområder. Dette gjer at tenestene arbeider meir førebyggjande, at laget blir meir robust i møte med ønsket og samskaping og medverknad.

Investering i lærebøker LK 20:

I tillegg til einingane sine eigne budsjett knytt til investering i læremiddel, vart det også prioritert å styrke innkjøp av lærebøker/digitale læringsressursar på nokre trinn. Skulane har investert i lærebøker/læremiddel for meir variert og aktiv opplæring. Tiltaket vart ikkje fullt ut realisert, då også oppvekst måtte bidra til å redusere overforbruket som viste seg i tenesteområda i august.

Redusert foreldrebetaling i barnehagen:

Den reduserte foreldrebetalinga har ikkje ført til overforbruk i dei kommunale barnehagane. Både Vigra barnehage og Giske barnehage drifta med underforbruk. Dette innber at drifta har vore lovleg, men marginal.

Tidleg innsats språk og begrepslæring i barnehagen:

Dei kommunale barnehagane vart styrka med ei 50 % stilling kvar til tidleg innsats på språk og begrepsopplæringsområdet. Dette tiltaket har gitt god effekt på kvalitet og kompetanse, barna i barnehagane får eit betre, meir målretta språkopplæringstilbod.

Reduksjon i 100 % lærarstilling:

Dette tiltaket vart lagt til Valderøy barneskule og er ikkje realisert med ønska effekt i 2024.

Symjeopplæring meir i tråd med kompetansemåla:

For å sikre betre opplæringsutbytte enn låg måloppnåing i kompetansemåla for symjing, vart ressursane til symjeopplæringa fordobla i 2024. Symjeopplæringa vart gjennomført som planlagd i vårsemesteret, men doblinga var stoppa i haustsemesteret grunna det totale overforbruket i tenesteområda. Vi kjøper tenester med Bybadet i Ålesund, noko som er relativt kostnadskrevjande.

Tidleg innsats, lovleg drift:

Opplæringslova § 11.3 pålegg skulane å gi intensivopplæring når elevar ikkje får eit tilfredsstillande utbytte av den ordinære opplæringa i lesing, skriving og rekning. Skulane arbeider godt med dette.

Vaksenopplæring:

Dert var lagt inn eit innsparingstiltak på 3 million knytt til å kunne etablere vaksenopplæring i Giske kommune. Det vart verksett kartlegging og utgreiing av mogleg ledig kapasitet i tenestene for å kunne realisere dette, og slik også realisere kjøp av tenester frå andre. Tenesten måtte realiserast som eit spleiselag mellom dei ulike tenesteområda, noko som viste seg vanskeleg å realisere. Det er også stor mangel på ledige rom i formålsbygga våre. Vaksenopplæringa landa på eit overforbruk på 750 000.

Viktige hendingar

2024 vart eit år med mange positive merkesteinar for Ramme 5 oppvekst.

Det vart beslutta å bygge ny skule på Vigra, forprosjekt vart gjennomført med eit forbilledleg samarbeid mellom entreprenør, eigedoms-avdelinga og skulen sine folk. Det blir ein nøktern og funksjonell skule med kapasitet for 250 elevar, planlagt ferdig hausten 2027.

Digitalt samhandlingsverktøy, Dips, blir implementert og sikrar personvern, brukarmedverknad og tverrfagleg samhandling.

Eininga samhandling og koordinering blir etablert og organisasjonskartet er tilpassa nye handlingsrom. Kompetanse blir delt og utvikla i felles rom og arenaer.

Alle som leverer tenester til barn og unge har fått “innafor” som felles fokus, med blick på tidleg innsats og rette tenester. I tillegg til PPT og helsestasjon, blir også barnevern, psykisk helseteam og fysio-ergo tenestene med på inkluderingsteam i barnehage og skule. Det har vore gjennomført fagdag og ulike arbeidsseminar på tvers av fagområda, både i kommunal og interkommunal regi. Tilsette frå oppvekst, helsestasjon, barnevern og psykisk helseteam har vore på konferanse om forebygging av ufrivillig skolefråvær, ei nyttig investering i kommunalt arbeid med plan og tiltak for dette utfordringsområdet.

2024 er også året der E-gaming blir etablert som valfag i ungdomsskulen. Det blir budsjetttert for å utvikle eigen alternativ opplæringsarena “Naustet” i tett samarbeid med arkitektthøgskulen i Bergen og kobla opp mot plan for sentrumsutvikling.

Arbeidet med å utvide base-tilbodet på Valderøy barneskule skaut også fart i 2024.

Det blir planlagt for å kunne utvikle ei forsterka avdeling, Basen, ved Valderøy barneskule. Tilbodet skal opne for at føresette til barn med behov for alternative kompetansemål i alle fag skal kunne få eit meir robust opplæringstilbod for elevar og også for tilsette.

Oppvekstsektoren, også i Giske kommune, erfarer auka press på oppgåveløysing og auka sårbarheit i alle ledd. I tillegg til å spørje oss kva barnet sitt beste kan vere, spør vi oss også om korleis vi kan bidra til at barn og unge erfarer seg meir robuste i møte med krav, forventning, grenser og motgang. I inkluderingsarbeidet har vi ei tru på fellesskapsdidaktikken, eit raust og gyldig VI.

Styringskort og styringsindikator

Fokusområde	Mål	Måleindikator	Resultatmål 2024	Resultat 2024
Brukarar	God kvalitet i oppvekst	Systemretta tiltak i alle einingar for lovfeste tidleg innsats (§ 1-4)		
	God kvalitet i barnehage	*Andel tilsette med utdanning som barnehagelærar	50 %	42,2 %

Årsmelding 2024

		**Andel tilsette med Fagbrev	33 %	43,7 %
		Systemretta tidleg innsats for god språkopplæring i barnehage	100 %	100 %
		Brukartilfredsheit totalt	4,6	-
	God kvalitet i skule	*Grunnskulepoeng	45	43,2
		Elevar på meistringsnivå 2-3, nasjonale prøver 5. trinn lesing (i prosent)	80%	63,7%
		Elevar på meistringsnivå 2-3, nasjonale prøver 5.trinn rekning(i prosent)	80%	71,6%
		Elevar på meistringsnivå 3-5, nasjonale prøver i lesing på 8. trinn (prosent)	69,5 %	77%
		Elevar på meistringsnivå 3-5, nasjonale prøver i rekning på 8. trinn (prosent)	63,8%	66%
		Elevundersøking trivsel (skala 1-5)	4,5	4,0
Medarbeidarar	Godt arbeidsmiljø og tilfredse medarbeidarar	Nærvær	94 %	92,51%
Økonomi	God økonomistyring	Avvik i % av vedtatt netto driftsramme	+/- 0	-0,6%

KOSTRA Nøkkeltal

Årsmelding 2024

	Giske 2021	Giske 2022	Giske 2023	Giske 2024	Kostragruppe 01
Prioritet					
Netto driftsutgifter per innbygger 1-5 år i kroner, barnehager **)	170 096	164 091	205 504	217 179	230 942
Produktivitet					
Korrigerte brutto driftsutgifter f201 per korrigert oppholdstime i kommunale barnehager (kr) (B)	63,5	75,8	79,3	77,8	77,4
Korrigerte brutto driftsutgifter til grunnskole (202), per elev	100 815,3	106 873,0	119 055,4	123 764,3	141 428,6
Korrigerte brutto driftsutgifter til skolefritidstilbud (215), per komm. bruker	38 632	42 317	41 065	36 680	36 621
Korrigerte brutto driftsutgifter til grunnskole, skolelokaler og skoleskyss (202, 222, 223), per elev	124 272	130 912	145 379	147 236	173 124
Årstimer til spesialundervisning per elev med spesialundervisning (antall)	127,8	141,1	152,2	152,0	142,3
Dekningsgrad					
Andel barn 0 år med barnehageplass i forhold til innbyggere 0 år (B)	8,2 %	12,8 %	12,6 %	21,3 %	7,0 %
Andel barn 1-5 år med barnehageplass (B)	95,4 %	94,2 %	96,6 %	99,2 %	94,6 %
Andel elever i grunnskolen som får spesialundervisning	9,7 %	10,8 %	8,8 %	7,6 %	9,5 %
Andel innbyggere 6-9 år i kommunal og privat SFO	50,3 %	49,5 %	53,8 %	67,2 %	67,6 %

**) Justert for utgiftsbehov

Grunnskule:

Andel elevar som mottek spesialundervisning er redusert til 7,6 % og ligg, for første gong under snittet for Kostragruppe 1, som er på 9,5 %. Dette er resultat av systematisk og målretta arbeid knytt til kompetanseutvikling for inkluderande praksis, fokus på fagleg inkludering og systemretta arbeid, frå tilsette i grunnskule og frå heile laget rundt barnet. PPT har hatt ei sentral rolle i denne endringa. Det er utvikla ein kompetanse knytt til forståinga av at det, ofte, gir betre utbytte å få tilrettelegging innafor eit allmenn-pedagogisk tilbod, gjennom fagleg, kulturell og sosial tilrettelegging enn å få spesialundervisning. Det er dei små vedtaka som er redusert.

Snitt gruppestørrelse i grunnskulen er 12,9. Grunnskulen i Giske kommune har høgare snitt enn kostra gr. 1, der snittet er på 12,0. Korrigerte driftsutgifter per elev er 122,769, dette tilsvarer 14 million under snitt i Kostragruppe 1. Sjølv om det er prioritert å auke innsatsen til grunnskule her, har altså avstanden til Kostra gr. 1 auka.

Barnehage:

Netto driftsutgifter til barnehage per innbyggjar er høgare i Giske kommune enn i kostra gr 1. Dette ser vi i samanheng med at kommunen har ei ung befolkning. Barnehagedekninga er på 99,2 %. Netto driftsutgifter per barn 1-5 år er lavere enn i kostra gr 1.

Oppholdstime per årsverk er meir enn 500 timar høgare enn snittet i kostragruppe 1. Det er altså lågare bemanning enn i kommunane vi samanliknar oss med. Andel barn i kommunale barnehagar er på 21,9 % medan det i kostra gr 1 er snittet for adelen 55,5 %.

SFO:

Andelen barn i SFO har auka frå 50,3 % i 2021 til 67,2 % i 2024, dette blir sett i samanheng med gratis kjernetid i SFO.

Sjukefråvær

Fråvær	Korttid	Langtid	Samla fråvær
Årleg sjukefråvær 2024	1,70 %	5,79 %	7,49 %

BARN, FAMILIE, HELSE

Beskriving av tenesteområde

Ramme 6 omfattar eining Barn, familie og helse. Eininga har følgjande tenester: legeteneste, kvardagsrehabilitering, velferdsteknologi, fysio/ergo, logoped, psykisk helseteam barn og unge, barnevernteneste, hjelpemiddel, helsestasjon og skulehelseteneste, jordmorteneste, flyktningteneste og introduksjonsprogram.

Oppvekstreforma/barnevernsreforma vart gjeldande frå 1.1.2022. Med den nye reforma følgjer oppgåver til barnevernstenesta med nytt ansvar for institusjon og fosterheim. Ut over det ligg reforma til heile organisasjonen å følgje opp arbeid knytt til samhandling, førebyggjande arbeid og tidleg innsats. Det krev mellom anna tett samarbeid mellom ei rekke tenester. Det ligg ikkje ytlegare styrking i budsjett 2024 til oppfølging av oppvekstreforma. Statistikk frå SSB viser at 28% av innbyggjarane i Giske kommune er mellom 0-20 år. Denne veksten påverkar tenestene i eininga i stor grad. Tverrfagleg samarbeid er vektlagt. Det er framleis nasjonal satsing på helsestasjon, skulehelseteneste og jordmorteneste. Kommunen søkjer tilskot til hjå staten for å styrkje bemanninga i desse tenestene for å møte oppgåvene som er lagt til kommunen.

Psykisk helse og rus er også ei nasjonal satsing. Kommunen vart tildelt midlar frå Statsforvaltar til styrking av rusarbeid knytt til barn og unge, med kr 600 000. Denne vert vidareført dei neste åra. Vidare er satsing og fokus på kvardagsrehabilitering og velferdsteknologi stor. Frå 2020 vart velferdsteknologi integrert i helse- og omsorgstenestene. Giske kommune har hatt stort fokus på dette sidan 2015 og har kome langt i arbeidet. Giske kommune deltek i interkommunalt samarbeid og kjøper tenester hjå andre kommunar knytt til legevakt natt, barnevernvakt, krisesenter, overgrepsmottak.

Betre tverrfagleg samarbeid (BTS) er ei viktig satsing i kommunen. For å lukkast må arbeidet prioriterast i heile organisasjonen. Kommunen tilsette ny leiar og oppretta ny avdeling for samhandling og koordinering organisert under kommunedirektøren. Oppstart hausten 2024. Kommunen har med dette samla tildelingskontor, SLT-koordinator/ungdomsarbeidar, startlånarbeid og organisering av bustadsosialt arbeid. Kommunen har vedtatt å etablere funksjonane barnekoordinator og bustadkoordinator, desse vil kome på plass ila 2025. Funksjonane vert lagt til avd. samhandling og koordinering. Kommunen har starta opp nytt digitalt samhandlingsverktøy, DIPS, som skal bidra til betre samhandling og dokumentasjon internt mellom oppvekst, helse og omsorg, og innbyggjaren.

PPT

PPT vart i februar 2024 flytta til ramme 5, oppvekst.

Barnevernstenesta

Meldingar: 84. Henlagt etter undersøking: 43, Fristbrot i undersøkingssaker: 4, Barn med tiltak: 52, Barn under omsorg: 3, Barn i institusjon: 5, Barn kommunen fører tilsyn med: 8.

Tenesta har vore prega av eit høgt sjukefråvær og store rekrutteringsutfordringar. Særleg utfordring med å rekruttere ny leiar for tenesta. Tre nye saksbehandlarar vart tilsett i 2024. Trass det har tenesta likevel i stor grad klart å halde saksbehandlingsfristane. Ingen fristbrot på behandling av innkomne meldingar i perioden, men stort etterslep på saksbehandling. I tilknytning til ny barnevernlov er det gjennomført opplæringspakke for tilsette. Barnevernsreforma fører m.a. til at kommunen har større ansvar for oppfølging og styrking av fosterheimane. Dette har kommunen løyst ved å samarbeide med andre kommunar og det ser ut til å fungere godt. Ålesund, Sula, Giske, Herøy, Vanylven, Sykkylven og Stranda tilbyr kunnskapsbasert gruppeveiledning på tvers av kommunane det første året barn bur i fosterheim. Veiledninga vert gitt i Ålesund og Volda.

Helsestasjon, skulehelsetenesta og jordmortenesta

96 barn vart fødd i 2024 + 1 barn fødd i 2024 er nyttilflytta

Ut frå helsestasjonen sine register har:

24 born 0-15 år (19 familiar) har flytta til Giske kommune i 2024

7 av borna er utanlandske (6 familiar).

31 born 0-15 år (23 familiar) har flytta frå Giske kommune i 2024

ÅR	Tidligere fødseltal	Buande born i årskullet
2023	84	93 (+9)
2022	83	87 (+4)
2021	121	131 (+10)
2020	99	100 (+1)
2019	101	97 (-4)
2018	110	120 (+10)

Det har vore meir stabil drift i helsestasjonen i 2024 grunna vellukka rekruttering. Meir stabil skulehelseteneste. Fokus og satsing på inkluderingssteam. Kommunen har hatt tilstrekkeleg tilgang på jordmorkompetanse. Kommunen har 1,9 stillingar finansiert av tilskotsmidlar, derav 40% styrking av jordmortenesta.

Logopedteneste

Giske kommune gjennomførte kutt i logopedtenesta i 2021. Kommunen har per i dag ikkje tilsett logoped, men kjøper denne tenesta. Kommunen er pliktig til å yte tenester til barn og unge med rett etter opplæringslova.

Legetenesta

Tal pasientar legetenesta 8 546.

Kommunen har full legedekning med 11 fastlegar med avtaleheimel + 1 turnuslege (LIS1). Den siste heimelen vart oppretta i oktober 2023. Listelengda ligg mellom 750 og 900 pasientar per lege. Kapasiteten ved legesenteret er sprengt og det vil ikkje vere mogleg å etablere enda ein fastlege i eksisterande lokaler. Basistilskotet har auka slik at det er økonomisk mogleg for fastlegane å ha kortare lister. Dette er ei nasjonal satsing for å redusere arbeidspresset på fastlegane og eit tiltak for å rekruttere og behalde. I 2024 var det vanskar med rekruttering av fastlegar, ein heimel er framleis ledig. Fastlegane bidreg i å løyse situasjonen. Tilgang på vikarar har avhjelpst situasjonen, men utstrakt vikarbruk aukar risikoen for redusert kvalitet totalt sett i tilbodet til innbyggjarane.

Psykisk helseteam barn og unge

Tenesta har to stillingar, ein psykolog og ein familieterapeut. Kommune fekk tilskot frå statsforvalter kr 600 000, til rusarbeid barn og unge. Dette har gitt moglegheit til å tilsette ytlegare ein person i tenesta. Om lag 114 born, unge og familiar fekk tilbod av tenesta i 2024. Tala viser ei ganske stor breidde i saker som blir henvist frå lettare til moderate angst- og depresjonsplager, til meir alvorlege plager som vanskar med å gå på skule, traumer, overgrep og kjønnsidentitet. Støtte til foreldre og andre omsorgspersonar er ein viktig del av arbeidet i teamet. Tenesta er ein viktig ressurs for kompetanseheving i eininga og andre samarbeidspartar. Tenesta deltek i nyoppretta innkluderingsteam. Nedgang i ventetid i løpet av hausten.

Fysio/ergoterapeut-tenesta

- Kvardagsrehabilitering: 111 brukarar
- Ergoterapi: 127 brukarar
- Fysio: 251 brukarar
- Kommunal hjelpemiddelformidling: 130 hjelpemidlar utlånt, 75 brukarar
- Velferdsteknologi: 165

Tettare samarbeid mellom kommunale og private fysioterapeuter. Førebyggjande gruppetilbod til eldre og barn og unge er etablert i løpet av 2024. God framdrift og stabilitet i arbeidet med velferdsteknologi etter etablering av 50% stilling som koordinator for velferdsteknologi. Koordinator arbeider tett ilag med omsorgstenestene for å styrke kompetansen i bruk av velferdsteknologi, samt sikre at dei er trygge i bruk, både teknisk og i høve personvern. Giske kommune inngjekk hausten 2023 avtale ilag med omkringliggande kommunar, ny avtale med leverandørar om velferdsteknologiske verkty. Giske kommune har to fysioterapeutar med driftstilskot.

Flyktingtenesta og introduksjonsprogrammet

Giske kommune vedtok i Handlings- og økonomiplan 2024 å ta i mot 40 nye flyktingar. Grunna auka behov for mottak av flyktingar gjorde Giske kommune nytt vedtak å ta i mot ytlegare 25 flyktingar i 2024, til saman 65. Budsjettet vart ikkje endra. Flyktingtenesta hadde 3,4 årsverk ved årets begynnelse, men reduserte til 1,4 årsverk ila våren. Kommunen tok imot 27 nye flyktingar i 2024.

Årsmelding 2024

Kommunen tok imot 49 flyktningar i 2022 og 43 nye flyktningar i 2023. Kommunen har ikkje tilstrekkeleg kapasitet på kommunale bustadar. Dei fleste av flyktningane har inngått private leigeavtalar. Tilsette rapporterer om ein stadig meir utfordrande leigemarknad. Flyktingtenesta samarbeider tett med fleire tenester i kommunen, mellom anna med NAV og vaksenopplæringa. Tettare samarbeid med NAV for å finne eigna bustad og betre samarbeid om kartlegging og arbeidsretta aktivitet har ført til at fleire har kome i arbeid.

Heile organisasjonen har ansvar for at kommunen lukkast best mogleg med mottak av nye innbyggjarar. Fokus på arbeid, skule/utdanning, bustad, bustadsosialt arbeid og fritid/aktivitet.

Årsverksutvikling

Teneste	2023	2024 Budsjett	2024 Resultat
PPT, logoped	4	4	4
Helsestasjon, jordmor	10,3	9,6	9,6
Legetenesta	2,63	2,13 årsverk. Snart 11 fastlegeheimlar	2,13 årsverk + 11 fastlegeheimlar
Fysio/ergo/kvardagsrehab	6,6	6,9	6,9 årsverk (overført midlar 0,5 årsverk frå ramme 7)
Psykisk helseteam barn/unge	1	2	2 + 1 prosjektstilling frå juni-24
Barnevernstenesta	7	6	6 årsverk.
Frisklivssentralen	0	0	0
Tildelingskontor	3,8	3,8	3,8
Flyktingteneste	3,5. 2,5 er midlertidig	1 årsverk fast. 1,4 midlertidig	1,4
Totalt årsverk	38,83	40,23	36,83

Status
økonomi per
teneste

Beløp i 1000

Teneste	Rekneskap 2023	Rekneskap 2024	Opph. bud. 2024	Rev. bud. 2024	Avvik i kr	Avvik i %
SAKSBEHANDLING - FELLES	235	151	358	358	207	57,8 %
STYRKA TILBOD TIL FØRSKOLEBARN	439	35	1 002	1 002	967	96,5 %
GRUNNSKOLE	2 645	4 430	2 943	2 943	-1 487	-50,5 %
VAKSENOPPLÆRING	113	47	295	295	248	84,0 %
FØREBYGGING HELSESTASJONS- OG SKULEHELSETENESTE	7 020	7 215	6 614	6 614	-601	-9,1 %
FOREBYGGANDE ARBEID, HELSE- OG SOSIAL	887	947	820	820	-127	-15,5 %
AKTIVISERING AV ELDRE OG FUNKSJONSHEMMA	1 660	1 603	1 294	1 294	-309	-23,9 %
DIAGNOSE OG BEHANDLING	14 934	16 225	16 478	16 478	253	1,5 %

Årsmelding 2024

Teneste	Rekneskap 2023	Rekneskap 2024	Opph. bud. 2024	Rev. bud. 2024	Avvik i kr	Avvik i %
FYSIO-/ERGOTERAPITENESTE	5 997	6 640	6 313	6 313	-327	-5,2 %
PSYKISK HELSEVERN	560	742	1 062	1 062	320	30,1 %
SOSIAL RÅDGJEVING OG VEILEDNING	-134	-136	-122	-122	14	11,6 %
FLYKTNINGKONTOR	4 025	2 488	4 259	4 259	1 771	41,6 %
BARNEVERN TENESTE	7 795	8 150	8 284	8 351	200	2,4 %
BARNEVERN TILTAK I FAMILIEN	2 136	3 020	2 917	2 917	-103	-3,5 %
BARNEVERN TILTAK UTANFOR FAMILIEN	7 289	7 641	6 952	6 952	-690	-9,9 %
PLEIE, OMSORG, HJELP TIL HEIMEBUANDE	2 448	0	2 519	0	0	0,0 %
HEIMETENESTE - AMBULERANDE VERKSEMD	0	2 803	0	2 519	-284	-11,3 %
INTRODUKSJONSORDNINGEN	4 068	3 719	4 057	4 057	338	8,3 %
Sum	62 117	65 719	66 043	66 110	391	0,6 %

Kommentar til status økonomi

Rekneskap for ramme 6, eining barn, familie og helse, viser eit mindreforbruk i 2024 med kr 391 000. Mindreforbruket i flyktningtenesta, psykisk helsevern, diagnose og behandling bidrog til eit positivt resultat. Mindreforbruket i desse tenestene balanserte for meirforbruket på helsestasjonen, barnevernet og fysio/ergoterapi-tenesta.

Oppsummering tiltak

- Har halde stillingar vakant i periodar og der det har vore mogleg
- Styrka det tverrfaglege samarbeidet om barn og unge.
- Fokus på tiltak knytt til tidleg innsats, førebyggjande arbeid, systemarbeid, innanforskap.
- Følgd opp tiltak i førebyggjande plan.
- Etablering av innkluderingsteam i tett samarbeid med oppvekst og andre tenester til brukargruppa har vore svært positivt.
- Etablering av avdeling samhandling og koordinering, med nytilsett leiar.
- Etablering av rettleiande tildelingskriteria for helse og omsorgstenestene

Årsmelding 2024

Tiltak vedtatt for budsjett 2024	2024	2025	2026	2027
Ramme 2 - Stab Kontinuerlig forbedringarbeid	- 600	- 600	- 600	- 600
BARNE- FAMILIE- OG HELSE (3250)	- 600	- 600	- 600	- 600
Ramme 3 Felles/4 Sosialtenesta/6 BFH - Flyktningar Ukraina	2 230	2 230	2 230	2 230
BARNE- FAMILIE- OG HELSE (3250)	2 230	2 230	2 230	2 230
Ramme 4 Sosialtenesta, 6 BFH - Endring i flyktningtenesta	- 750	- 750	- 750	- 750
BARNE- FAMILIE- OG HELSE (3250)	- 750	- 750	- 750	- 750
RAMME 6 BFH Kontinuerleg forbedring	- 1 000	- 1 000	- 1 000	- 1 000
RAMME 7 Pleie og omsorg - Fellestiltak omstilling	367	367	367	367
BARNE- FAMILIE- OG HELSE (3250)	367	367	367	367
Sum tiltak	247	247	247	247

Ramme 6 fekk tilført kr 2 230 000 grunna mottak av 40 nye flyktningar. Kommunen tok i mot 27 nye flyktningar i 2024. I tillegg til planlagt reduksjon med 1 årsverk i flykningtenesta, vart det redusert med ytlegerare 1 årsverk. Per 31.12.2024 var det 1,4 årsverk i tenesta. Dette var med å bida til mindreforbruk i ramme 6. Det er lagt til grunn eit tett samarbeid om dei nye innbyggjarane ilag med Nav, oppvekst og andre tenester. Det er utført eit grundig lean-arbeid knytt til arbeidsfordeling mellom tenestene.

Ramme 6 vart i 2024 tilført lønsmidlar kr 367 000 frå ramme 7, pleie og omsorg, dette for å tilsette koordinator for velferdsteknologi i fast stilling.

Ramma fekk driftstiltak, reduksjon i ramma, med kr 2 350 000. Reduksjon 1 årsverk i flyktningtenesta, sjukeløns-refusjon, halde stillingar vakant slik at ein reduserte fastlønntbetaling, bidrog i stor grad i å i imøtekome tiltaka.

Viktige hendingar

- Styrkja tenestetilbodet i psykisk helseteam barn og unge med 1 årsverk, midlar frå Statsforvaltar kr 600 000.
- Etablering av ny avdeling Samhandling og koordinering, og tilsetting av ny leiar i avdelinga. Tildelingskontoret vart flytta over til ramme 2 og ny avdeling samhandling og koordinering etablert frå 1.sep-24.
- Etablering av innkluderingsteam ilag med oppvekst og andre aktuelle tenester
- Betre tverrfagleg samhandling. Auka fokus og forankring om arbeidet. Innanforskap.
- Auka fokus på folkehelsearbeid og førebyggjande arbeid. Samarbeid mellom helse, omsorg og oppvekst.
- PPT vart flytta over til ramme 5, oppvekst, frå 1.feb 2024. Budsjettet vart ikkje flytta over før i budsjett 2025.
- Kommunen har innført nytt digitalt samhandlingsverktøy, DIPS, som skal bidra til betre samhandling og dokumentasjon mellom oppvekst, helse og omsorg, og innbyggjaren.

Styringskort og styringsindikator

Fokusområder	Mål	Måleindikator	Resultat 2024
Brukarar og tenesteutvikling	Betre koordinerte tenester og tidleg innsats	Tal brukarar i DIPS. Individuell plan (IP), stafettlogg. Fortsetje prosjekt Betre tverrfagleg innsats (BTI). Følgje opp arbeidet. Tverrfagleg samarbeid mot andre tenester i kommunen	Alle tilsette er involvert i BTI arbeidet både på leiarnivå med arbeidsgruppe og tilsette på individnivå med Inkluderingssteam. Det er 29 aktive IP'ar, 10 enkle samspill og 38 stafettloggar.
	Omstillingsarbeid	Ikkje avvik i tenestene som bryt lova	Det er registrert avvik på saksbehandlarkapasiteten i barnevernstenesta i 2024.
Medarbeidarar	Kompetanseutvikling og rekruttering	Kompetanseplan. Gjennomføre tiltak i kompetanseplanen	Kompetanseutvikling og rekruttering: rekrutteringsvanskar i fastlegeordninga, barnevern og helsesjukepleiarar. Tilsette får tilbod om aktuelle vidareutdanning og kurs. Spesielt er vidareutdanning i barnevern aktuelt. Utdanning er i hovudsak finansiert av staten.
	Nærvær 93%	Følgje opp fråværsstatestikk, rapportere. Setje iverk nødvendige tiltak. Samarbeid med tillitsvalde og verneombod.	Nærvær 87,5% Samarbeid og oppfølging med Nav Arbeidslivssenter HMS-møter Fokus på temaet i leiar- og personalgruppa
Økonomi	God økonomistyring	Avvik i % av netto driftsramme. Økonomirapportering kvar mnd. Avvik <_ 0	Avvik mindreforbruk 0,5%, kr 324 000

KOSTRA Nøkkeltal

	Giske 2021	Giske 2022	Giske 2023	Giske 2024	Kostragruppe 01
Prioritet					
Forebygging, helsestasjons- og skolehelsetjeneste netto driftsutgifter på funksjon/tjenesteområde beløp per innbygger (kr) **)	582	645	887	846	947
Netto driftsutgifter (funksjon 244, 251, 252) per barn med tiltak	145 000	233 841	285 106	273 310	337 013
Netto driftsutgifter per innbygger 0-17 år, barnevernstjenesten (B) **)	6 334	7 890	9 897	10 950	15 517
Netto driftsutgifter pr. innbygger til Kommunehelse (B) **)	3 623	3 839	3 929	3 927	4 594
Produktivitet					
Brutto driftsutgifter til tiltak (funksjon 251, 252) per barn med tiltak	83 000	108 254	144 545	150 620	223 492
Netto driftsutgifter (funksjon 244, 251, 252) per barn (0-24 år) med tiltak i løpet av året (B)	1 816	2 767	3 293	3 087	3 534
Dekningsgrad					
Hjemmebesøk nyfødte Andel barn (prosent)	41,7 %	59,8 %	90,5 %	90,5 %	93,6 %
Kvalitet					
Andel nyfødte med hjemmebesøk innen to uker etter hjemkomst (prosent)	41,7 %	59,8 %	90,5 %	90,5 %	93,6 %
Avtalte fysioterapeutårsverk per 10 000 innbyggere (årsverk)	6,3	6,2	6,1	6,3	10,1
Gjennomsnittlig listelengde	887,0	813,0	765,0	785,0	853,0
Hjemmebesøk av jordmor innen tre døgn etter hjemkomst Andel barn (prosent)	29,2	58,5	67,9	70,5	66,3
Stillinger med fagutdanning per 1 000 barn 0-17 år	3,9	3,3	2,8	2,9	5,1
Helsetilstand					
Helsetilstand - Overvekt og fedme, 17 år	25,0	25,0	22,0		
Grunnlagsdata (Nivå 3)					
Avtalte legeårsverk per 10 000 innbyggere (årsverk)	11,6	12,9	13,8	13,7	13,3
Andre nøkkeltal					
Tilskudd fra IMDi (kr)	8 178 043	17 044 777	26 430 583	25 410 464	1 513 866 763
Tilskudd integrering pr innbygger (B)	951	1 961	3 041	2 896	5 422

**) Justert for utgiftsbehov

Giske kommune leverer tenester innan helse av god kvalitet, økonomiske og effektive. Kostratala ligg under samanliknbare kommunar og kommunegruppe 1. Stabilt lavt over fleire år. Listelengd for fastlegane ligg betydeleg under kostragruppe 1.

Sjukefråvær

Fråvær	Korttid	Langtid	Samla fråvær
Årleg sjukefråvær 2024	2,15 %	10,35 %	12,50 %

PLEIE, OMSORG OG SOSIAL

Beskriving av tenesteområde

Tenestene innan ramme 7 vert ytt av Vigra, Giske og Godøy omsorgsdistrikt , Valderøy omsorgsdistrikt, eining Meistring og psykisk helse. I tillegg ligg eit ansvarsområde knytt til utskrivingsklare brukarar og øyeblikkelig hjelp døgntilbod (ØHD).

Einingane yter tenester med heimel i helse- og omsorgstenestelova.

Giske kommune har tre omsorgssenter. Giske omsorgssenter (30 heildøgns plassar), Vigra omsorgssenter (24 heildøgns plassar) og Godøy og Alnes bukollektiv (9 heildøgns plassar). Omsorgssentra driv bukollektiv-drift med unntak av Vigra omsorgssenter. Frå 1.1.2024 vart Vigra omsorgssenter drifta som sjukeheim med 24 plassar. Samla har kommunen 61 heildøgns plassar. 11 av desse er korttidsplassar, 8 plassar ved Giske omsorgssenter og 3 ved Vigra omsorgssenter. Den største tenesta er heimebasert teneste som blir gitt både i bukollektiv og i heim til brukar. Kommunen har eige storkjøkken som leverer tenester av god kvalitet både til omsorgssenter, til eigen heim, møtemat og liknande. Giske kommune har bufellesskap til menneske med utfordringar innan psykisk helse og rus (Løkevegen, 5 heildøgns plassar), og tre bufellesskap til menneske med nedsett funksjonsevne, (Gudmundvegen, Skomakarvegen, Reset, med til saman 15 heildøgns plassar) og dagtilbod (Kingelveven) til menneske med nedsett funksjonsevne. Kommunen har dagtilbod ved Giske omsorgssenter og dagtilbod for demente ved Vigra omsorgssenter. Giske kommune har per i dag 2 plassar avlastning til barn og unge, lokalisert på Godøya. Giske kommune kjøpte einebustad på Valderøya som vert ombygd til ny barneavlastning, med oppstart i 2025. Det er tenkt drifta med 5 heildøgns plassar.

Strategi bu- og tenestetilbod helse og omsorg 2050, vedteke i Giske kommunestyre juni-22, vert viktig for å møte veksten og nødvendig utvikling innan helse og omsorg.

Følgjande strategiar vart vedteke:

- Heilskapleg bustadpolitikk for rett teneste, meistring og trivsel
- Heilskapleg tenesteutvikling
- Samskapingskommunen Giske

Sjå strategien her: [strategi-bu-og-tenestetilbod-helse-og-omsorg-2050.pdf \(giske.kommune.no\)](https://giske.kommune.no/strategi-bu-og-tenestetilbod-helse-og-omsorg-2050.pdf)

Kommunen har jobba intenst gjennom leanprosjektet Pleie og omsorgstenester i takt med framtida, for å operasjonalisere strategiane og iverksette tiltak med effekt frå 2022. Kommunen vurderte i 2022 at dekningsgrad for heildøgn somatikk måtte ligge rundt 16,5%. I 2024 er dekningsgraden juset til 13,5%, dette grunna auke i tal 80+ i kommunen. Kommunen har 61 heildøgns plassar ved omsorgssentra. Kommunen har ikkje hatt venteliste på heildøgns plass i 2024. Brukarar som har behov for heildøgns plass får dette tildelt. Kommunen hadde ein kostnad om lag kr 250 000, 45 døgn, på utskrivingsklare brukarar ved sjukehus. Innanfor tildelt budsjett. Kommunen har utarbeidd tydelege tildelingskriterier, der ein no tildeler tenester etter behov og ikkje fordi kommunen har ledig kapasitet. Likeverdig behandling av innbyggjarane har stort fokus i dette. I leanprosjektet vert det arbeidd med områder som pasientflyt og samhandling, turnus, vaktinnleige, organisering, arbeidsfordeling og døgnrytme. Leanprosjektet arbeider

med alle tre brukargruppene, andre i hovudsak eldre, psykiatri/rus og mennesker med nedsett funksjonsevne.

Einingane har arbeidd kontinuerleg med å justere drifta etter kvart det har kome til ikkje budsjetterte utgifter. Kommunestyret vart informert om dei økonomiske utfordringane som låg i ramme 7. Det vart tidleg i 2024 meldt frå om at ramme 7 styrte mot eit meirforbruk på om lag kr 6 mill. Kommunestyret vedtok å tilføre ramme 7, kr 6 mill i budsjettendring i juni 2024.

Høgt sjukefråvær i enkelte avdelingar har ført til auka bruk av overtid. Overbelegg og kompliserte brukarsituasjonar har ført til auka behov for ekstra personell ut over normal bemanning. I tillegg har vi i enkelte tenester utfordring med å rekruttere kompetanse og generelt personell. Kommunen hadde ei kort periode bruk av vikarbyrå, brutto kostnad i 2024 kr 1,4 mill.

Giske kommune gjennomførte ei analyse/kartlegging av pleie og omsorgstenestene i januar 2022, utført av Agenda kaupang. Dette gav grunnlagsinformasjon til Strategi bu- og tenestetilbod helse og omsorg 2050. Rekneskap 2021 vart lagt til grunn. Kartlegginga har gitt kommunen god dokumentasjon som vi må nytte vidare i arbeidet for å møte framtida sine utfordringar på best mogleg måte.

Dei frie inntektene til Giske kommune er lavare enn landsgjennomsnittet, det betyr at kommunen må bruke mindre ressursar enn andre kommunar. Giske kommune har ein lavare andel innbyggjarar under 67 år og over 80 år. Behovsnøkkelen innan pleie og omsorg er lav. Behovsnøkkelen for psykisk utviklingshemma er lav, dette omhandlar innbyggjarar over 16 år med diagnosen psykisk utviklingshemma som mottar helse- og omsorgstenester. Giske kommune har netto driftsutgifter innan pleie og omsorg som ikkje samsvarer med dei frie inntektene kommunen får. KOSTRA-nøkkeltal 2021, viser at Giske kommune har lavare netto kostnader enn andre kommunar i KOSTRA-gruppe 1 og lavare enn snittet i Noreg. Grunna at vi er ei lavinntekstkommune, må kostnadane til kommunen vere lave.

Det vert viktig å arbeide vidare med strategien Heilskapleg bustadpolitikk for rett teneste, meistring og trivsel. Ny arealdel i kommuneplanen er under arbeid. I dette har kommunen gjennomført tettstadanalyse med mulighetstudie og Bustadpolitisk plan er under arbeid. Lokalisering vidare av omsorgsbygga vert viktig i høve både økonomi, kvalitet og rekruttering av kompetanse.

Samfunnet står overfor store endringar og framtidsbiletet viser at dagens lokalisering, organisering og drift av tenestene ikkje vil vere berekraftig i framtida. Endringar i demografi, oppgåver, forventningar, digitalisering og teknologiske løysingar vil vere store og skje i eit raskare tempo enn tidlegare. Kommunen må ha strategiar og plan for å møte dette og vidare samla følge desse opp. Framskrivingane viser at behovet for pleie og omsorgstenester vil auke med 150% om vi held fram med å yte tenester på same måte som i dag. Kommunen vil verken ha økonomi eller hender nok til å imøtekome dette. «Å vekse smartare» vil kreve ei heilskapleg tilnærming og eit tett samarbeid mellom politikk, administrasjon og kommunen sine innbyggjarar.

Tenestene vert i stor grad påverka av endringar innan spesialisthelsetenesta. Det inneber mellom anna at kommunane i større grad må ruste seg for å ha meir spesialisert kompetanse i tenestene og handtere meir lokalt og nær brukaren. Knappeleik på personell framover gjer mellom anna at det i større grad må nyttast nye arbeidsmetodar og digitale løysingar i møte med brukarane. Velferdsteknologi er ei nasjonal satsing og ein ser store menneskelege og økonomiske fordelar ved at det i større grad vert nytta i helsetenestene. Det er forventa at den tverrfaglege måten å jobbe på i samspel med teknologiske løysingar skal gi store positive effektar både på tenestekvalitet, effektivitet og økonomi.

I dag er 4 % av innbyggjarane 80 år eller eldre, framskrivinga viser 6,8 % i 2040. Om lag 28 % av innbyggjarane er i gruppa 0-20 år, det viser at vi har ei relativt ung befolkning. Vi må vere budde på utfordringar innan denne gruppa. Framskrivinga viser at vi framover vil ha relativt store grupper i alderen 30-54 år og 74-84 år. Kartleggingar som er blitt gjort i kommunen viser at vi har særleg vekst og utfordring når det gjeld tenestetilbod til demente og til barn og unge med særlege behov. Kommunen har kartlagt 21 barn/unge med behov for bustad med heildøgnsstenester av eitt eller anna nivå/omfang. Kommunen har også kartlagt 27 barn/unge med behov for tilrettelagt bustad med punkttenester. Kommunen må legge plan og bu seg på denne utviklinga.

Strategiane skal bidra til at Giske kommune når mål om å ha likeverdige og heilskaplege tenester av god kvalitet som er lett tilgjengelege for alle. Kommunen skal ha helsefremjande, trygge og gode oppvekstvilkår for barn og unge, og vere eit aldersvennleg samfunn der den einskilde har ein meningsfull og helsefremjande kvardag, høg grad av sjølvstende og moglegheit for deltaking i samfunnet. Kommunen må vere i stand til å levere gode og målretta tenester innan tilgjengelege rammer, samtidig tilpasse kommunen sine utgifter til eit bærekraftig nivå. Strategiane skal bidra til at det vert skapt bevisstheit rundt den positive helseeffekten som ligg i deltaking, aktivitet og mestring.

Kommunen må auke bruk av tiltak med helsefremjande effekt, slik at kommunen kan bidra til innbyggjarane sin livskvalitet og helse lengst mogleg. Strategiane skal også skape bevisstheit rundt at helse- og omsorgstenestene i ulik grad grip inn i tenestemottakar sitt liv, og viktigheita av å gi tenester på rett nivå for å oppretthalde funksjonar og ikkje redusere dei. FN'S Berekraftsmål skal følgje oss i alt vi gjer.

Giske kommune er i stor omstilling knytt til tenestene innan pleie og omsorg. Leanprosjektet *Pleie og omsorgstenester i takt med framtida* har pågått sidan mai-22, gjennom heile 2023 og 2024 og vil fortsetje i 2025. Det er gjennomført store omstillingar innan brukargruppa andre i hovudsak eldre og psykiatri/rus. Bufellesskap for psykiatri og rus har no ei dekningsgrad med 5 senger, ein reduksjon frå 10 senger i 2022. Vidare er det etablert ambulant team psykiatri/rus som fram til no har følggt opp om lag 70 brukarar. I 2024 er det arbeidd vidare med brukargruppa menneske med nedsett funksjonsevne, etablering av ambulant team, tildelingskriterier, innhald dagtilbod og innsatspyramide.

Ramme 7 hadde til saman driftstiltak på kr 14,2 mill i 2024. Auka i budsjettet frå 2023 til 2024 dekkjer ikkje behov i drift eller pris- og lønsveksten innan området. Nødvendig omstilling som ligg i driftstiltaka vert svært krevjande å gjennomføre. Mange har vore involvert, både leiarar på alle nivå, tillitsvalde, tilsette og stab. Omstillinga fordrar også eit omfattande haldnings- og kulturarbeid og tett samarbeid mellom politikk og administrasjon. Grunna den økonomiske situasjonen i kommunen fordrar det å omstille drifta i eit raskare tempo.

Årsverksutvikling

Teneste	2020	2021	2022	2023	2024 Budsjett	Resultat 2024	Merknadar
Valderøy omsorgsdistrikt	57,75	68,67	73,72	67,93	67,77	67,77	
Vigra, Giske om Godøy omsorgsdistrikt	67,07	55,86	58,13	58,13	56,84	56,84	

Årsmelding 2024

Meistring og Psykisk helse	67,4	69,95	77,13	77,13	73,96	79,88	Kommunen tok tilbake kjøp av tenester privat og bygde opp tenesta lokalt, årsak til auka i 2024.
-----------------------------------	------	-------	-------	-------	-------	-------	--

Status økonomi per teneste

Beløp i 1000

Teneste	Rekneskap 2023	Rekneskap 2024	Opph. bud. 2024	Rev. bud. 2024	Avvik i kr	Avvik i %
FOREBYGGANDE ARBEID, HELSE- OG SOSIAL	791	8	0	0	-8	0,0 %
AKTIVISERING AV ELDRE OG FUNKSJONSHEMMA	4 253	5 084	5 056	5 056	-28	-0,6 %
KJØKKEN (MAT TIL HEIMEBUANDE)	1 292	1 359	3 363	1 616	256	15,9 %
PSYKISK HELSEVERN	2 464	2 850	2 907	0	-2 850	0,0 %
TILBOD TIL PERSONAR MED RUSPROBLEM	1 737	1 842	1 820	1 820	-22	-1,2 %
PLEIE, OMSORG, HJELP I INSTITUSJON	10 729	11 533	11 484	27 588	16 054	58,2 %
INSTITUSJONSKJØKKEN	382	1 588	428	2 175	588	27,0 %
VIGRA OMSORGSSENTER - FJELLRO/NORDSTOVA	516	14 250	13 934	13 934	-315	-2,3 %
PLEIE, OMSORG, HJELP TIL HEIMEBUANDE	47 833	0	31 917	0	0	0,0 %
BUFELLESSKAP PSYKIATRI VALDERØY	11 316	0	9 846	0	0	0,0 %
AVLASTNING	16 999	0	16 877	0	0	0,0 %
BRUKERSTYRT PERSONLEG ASSISTENT	6 869	0	7 587	0	0	0,0 %
RESET BUFELLESSKAP - DRIFT	12 405	0	12 560	0	0	0,0 %
GISKE OMSORGSSENTER	30 801	0	30 184	0	0	0,0 %
Godøy Bukollektiv	9 995	0	10 062	0	0	0,0 %
BUFELLESSKAP FUNKSJONSHEMMA	32 525	0	30 673	0	0	0,0 %
KVARDAGSREHABILITERING OG VELFERDSTEKNOLOGI	664	0	787	0	0	0,0 %
Løkevegen Bufellesskap Psykisk helse	0	11 487	0	9 846	-1 641	-16,7 %
Avlastning	0	18 059	0	397	-17 662	-4452,9 %
RESET BUFELLESSKAP	0	11 846	0	12 560	714	5,7 %
Giske Omsorgssenter	0	30 607	0	30 184	-422	-1,4 %
Godøy Bukollektiv	0	10 537	0	10 062	-475	-4,7 %
BUFELLESSKAP FUNKSJONSHEMMA	0	34 589	0	36 673	2 085	5,7 %
Kvardagsrehabilitering og velferdsteknologi	0	794	0	765	-29	-3,8 %
HEIMETENESTE - AMBULERANDE VERKSEMD	0	34 598	0	35 201	603	1,7 %
LØKEVEGEN BUFELLESSKAP AMBULERANDE TEAM	0	-1 400	0	0	1 400	0,0 %
BRUKARSTYRT PERSONLEG ASSISTANSE (BPA)	0	4 679	0	7 587	2 907	38,3 %
Sum	191 574	194 309	189 485	195 462	1 153	0,6 %

Kommentar til status økonomi

Rekneskapet viser eit samla mindreforbruk på kr 1 175 915 for 2024. Rammeområdet vart tilført kr 6 mill gjennom budsjettendring. Ramme 7 har levert eit lågare årsrekneskap for 2024 enn i 2022, med om lag kr 4,5 mill. (rekneskap 2022: kr 200 mill). Det har i perioden vore relativ høg lønsvest med om lag 5% både i 2023 og 2024.

Ramme 7 hadde samla eit driftstiltak kr 14,2 mill i 2024. Tiltaket vart arbeidd med gjennom Leanprosjektet, Pleie- og omsorgstenester i takt med framtida. Samla effekt av tiltaka i 2024 var kr 9,4 mill. Tiltak som vart i gong sett i 2022 og 2023 fekk årseffekt i 2024. Det var stort fokus på brukargruppa menneske med nedsett funksjonsevne i 2024, der det vart etablert eit omfattande kartleggingsverktøy, oppheva vedtak hjå eksisterande brukarar, ny kartlegging, nye vedtak som var i trå med faktisk behov.

Vidare har det vore arbeidd med pasientflyt, tenestebeskriving og tildelingskriterer til alle tenestene, ulike turnusar deriblant årsturnus.

Ramme 7 hadde eit driftstiltak på kr 22.1 mill i 2023, samla driftstiltak dei siste to åra vert kr 36,3 mill i omstilling. Med 5 mill i driftstiltak for 2025, vil ramme 7 omstille for om lag kr 41,5 mill over ein tre års periode.

Til saman berekna refusjon til ressurskrevjande brukarar, 12 brukarar, kr 24 866 000.

Kommunen hadde samla bruk av vikarbyrå i 2024, kr 1,4 mill. Ein må trekke frå fastlønskostnad for å få netto kostnad med bruk av vikarbyrå.

Oppsummering tiltak

Årsmelding 2024

Tiltak vedtatt for budsjett 2024	2024	2025	2026	2027
Ramme 2 - Stab Kontinuerlig forbedringsarbeid	- 1 500	- 1 500	- 1 500	- 1 500
VALDERØY OMSORGSDISTRIKT (3600)	- 1 500	- 1 500	- 1 500	- 1 500
Ramme 2, 4, 5, 6 ,7, 9 Samhandling og koordinering	- 100	- 100	- 100	- 100
MEISTRING OG PSYKISK HELSE (3900)	- 100	- 100	- 100	- 100
RAMME 7 Pleie og omsorg - Fellestiltak omstilling	- 12 566	- 12 566	- 12 566	- 12 566
VALDERØY OMSORGSDISTRIKT (3600)	- 1 647	- 1 647	- 1 647	- 1 647
VIGRA, GISKE OG GODØY OMSORGSDISTRIKT (3700)	- 1 548	- 1 548	- 1 548	- 1 548
MEISTRING OG PSYKISK HELSE (3900)	- 9 371	- 9 371	- 9 371	- 9 371
Sum tiltak	- 14 166	- 14 166	- 14 166	- 14 166

Samla driftstiltak i ramme 7 var på kr 14 166 000. Sum effekt av tiltaka kr 9,4 mill. Kommunestyret valde å tilføre kr 6 mill gjennombudsjettendring. Rekneskap 2024 viste mindreforbruk kr 1,175 mill.

Det har vore arbeidd med ulike tiltak og forbetringar gjennom leanprosjektet Pleie og omsorgstenester i takt med framtida. Leanprosjektet har pågått sidan 2022 og har arbeidd målretta etter vedteken Strategi bu-og tenestetilbod helse og omsorg 2050. Største tiltaket låg til Meistring og psykisk helse med kr 9,5 mill. Arbeidet med brukargruppa mennesker med funksjonsnedsetjing har krevd lenger tid enn venta dette grunna behov for utarbeiding av nytt kartleggingsverktøy, oppheving av eksisterande vedtak, ny grundig kartlegging av brukarane, nye vedtak, vurdering av behov for kompetanse knytt til vedtaka, ny turnus. Alle desse prosessane er svært krevande og tek tid, skal mellom anna sikre medverknad og god informasjon til alle partar. Effekten var ikkje mogleg å hente ut i 2024, men er venta skal kome i 2025.

Oppfølging av tiltak som starta i 2023. Fekk full årseffekt i 2024 av tiltaket ved Løkevegen og etablering av ambulant teneste rus/psykiatri. Ambulant teneste vert i dag finansiert gjennom tilskot frå Statsforvaltar, når tilskotet fell vekk må kommunen finne inndekking i budsjettet.

Redusert kjøp av tenester privat, har medverka til å redusere kostnader i 2024.

Etablering av avd. samhandling og koordinering direkte under kommunedirektør. Betre tverrfagleg samarbeid, betre pasientflyt og vurdering av søknadane slik at ein tildeler rett teneste på rett nivå. Etablert tildelingskriterier til alle tenestene.

Einingane har arbeidd med å halde kostnadane nede, t.d fleksibel bruk av tilsette og ikkje leigd inn ved sjukefråvær o.l så langt det var mogleg i drifta.

Det er beslutta at kommunen skal utarbeide årsturnus innan pleie og omsorg. Oppgåver som å få på plass nødvendige avtalar, retningslinjer, rutine, turnus osv er under arbeid. Tre avdelingar set i gong frå 2025, dei andre kjem til innan om lag eitt år. Ein ventar effekt innan rekruttere, behalde, bedre kontinuitet, trivsel

Rekruttering av nødvendig kompetanse gjennom ulike og kreative tiltak. Ulike turnusordningar.

Viktige hendingar

- Kommunen beslutta å kjøpe einebustad på Valderøya til ny barneavlasting, utvide frå 2 til 5 bustadar. Oppstart drift 2025.
- Betre tverrfagleg samarbeid. Etablering av ny avdeling samhandling og koordinering. Tilsett ny leiar for samhandling og koordinering.
- Felles beslutning om å innføre årsturnus i pleie og omsorg
- Etablering av ambulant teneste mennesker med funksjonsnedsetting
- Avslutta kjøp av tenester med privat leverandør og etablert tenesta lokalt
- Omstillingsarbeidet knytt til brukargruppa menneskjer med funksjonsnedsetting. Kartleggingsverktøy, ny kartlegging og vurdering, nye vedtak. Ny turnus.
- Etablert rettleiande tildelingskriterier til alle pleie og omsorgstenestene

Styringskort og styringsindikator

Fokusområde	Mål	Måleindikator	Resultatmål 2024	Resultat 2024
Brukarar og tenesteutvikling	Pleie og omsorgstenester i takt med framtida	Gjennomføre tiltak innan Leanprosjektet Pleie og omsorgstenester i takt med framtida. Måleindikatorar vil vere venteliste heildøgns plassar, kostnader utskrivingsklare brukarar ved helseføretaket, tal brukarar og tal tildelt tenester, tal timar, dekningsgrad ikkje over 16%.	Dekningsgrad heildøgn 16% . Etablering av ambulant teneste til mennesker med nedsett funksjonsevne. Alle vedtak vert gjennomgått. Tildelingskriterier for dei ulike tenestene. Styrke tenestene lengst nede i innsatstrappa som dagtibod og heimebasert teneste.	Dekningsgrad heildøgn 13,5%. Brukarar som har behov for heildøgn får dette, har ikkje venteliste heildøgn i 2024. Utarbeidd tildelingskriterier for alle tenestene. Tal utskrivingsklare brukarar ved sjukehus som kommunen ikkje klart å ta imot: 45 pasientar. kr 260 000. Har etablert ambulant teneste til mennesker med nedsett funksjonsevne.

Årsmelding 2024

				Via tett samarbeid og gode drøftingar, vil kommunen innføre årsturnus i alle avdelingar innan pleie og omsorg.
Medarbeidarar	Nærvær 93%	Jobbe kontinuerleg med nærværstiltak.	93%	90%
	Vi klarer å rekruttere nødvendig kompetanse.	Oversikt stillingar og funksjonar.	Vi klarer å rekruttere og har rett kompetanse på rett plass	Klarer stort sett å rekruttere nødvendig kompetanse. Mest utfordrande å rekruttere sjukepleiekompetanse på Vigra og Godøy omsorgssenter, men også på Giske omsorgssenter/HBO i periodar. Måtte nytte vikarbyrå på hausten 2024, kostnad kr 1,4 mill brutto. Arbeider med å utvikle/styrke eksisterande kompetanse. Arbeidsfordeling mellom ulike yrkesgrupper.
Økonomi	God økonomistyring	Rekneskap skal ikkje overskride budsjett. Jevnleg rapportering status økonomi	≤ 0%	Avvik mindreforbruk 0,6% kr 1 175 000.

KOSTRA Nøkkeltal

	Giske 2021	Giske 2022	Giske 2023	Giske 2024	Giske Kostragruppe 01
Prioritet					
Korrigerte brutto driftsutgifter per innbygger (253) Helse- og omsorgstjenester i institusjon (B) **)	1 155	1 218	1 417	3 703	9 698
Korrigerte brutto driftsutgifter per innbygger (254) Helse- og omsorgstjenester til hjemmeboende (B) **)	21 824	24 377	23 434		

Årsmelding 2024

Korrigerte brutto driftsutgifter per innbygger (258) hjemmetjenester - ambulerende virksomhet med mer (B) **)				5 155	7 345
Netto driftsutgifter per innbygger (243) tilbud til personer med rusproblemer (B) **)	198	371	355	338	151
Netto driftsutgifter per innbygger (253) helse- og omsorgstjenester i institusjon (B) **)	1 330	1 369	1 557	3 583	8 482
Netto driftsutgifter per innbygger (254) helse- og omsorgstj. til hjemmeboende (B) **)	21 490	24 521	23 774		
Netto driftsutgifter per innbygger (257) hjemmetjenester - personellbase knyttet til bofellesskap/samløkaliserte omsorgsboliger (B) **)				15 427	7 324
Netto driftsutgifter per innbygger (258) hjemmetjenester - ambulerende virksomhet med mer (B) **)				5 532	7 202
Netto driftsutgifter pr. innbygger til Pleie og omsorg (B) **)	23 718	26 832	26 411	25 847	25 451
Produktivitet					
Korrigerte brutto driftsutgifter, institusjon, pr. kommunal plass	1 167 875	1 244 750	1 469 625	1 306 125	1 524 703
Utgifter per beboerdøgn i institusjon	4 353	4 421	5 266	4 737	5 530
Dekningsgrad					
Andel barn med tiltak som er plassert (funksjon 252) ift. ant innbyggere 0-17 år (B)	0,3 %	0,5 %	0,2 %	0,5 %	0,9 %
Andel brukere av hjemmetjenester 0-66 år (prosent)	33,1 %	33,0 %	31,3 %	34,2 %	50,1 %
Andel innbyggere 80 år og over som bruker hjemmetjenester (prosent)	33,5 %	31,1 %	31,1 %	28,8 %	28,4 %
Institusjon - andel innbyggere 80 år og eldre med langtidsopphold i sykehjem (prosent)	1,6	1,6	1,3	3,8	6,6
Kvalitet					
Andel brukerrettede årsverk i omsorgstjenesten m/ helsefagutdanning (prosent)	77,0 %	76,4 %	74,8 %	76,0 %	74,6 %
Årsverk helse og omsorg per 10 000 innbygger (årsverk)	281,7	289,8	274,0	274,8	347,7
Kommunekasse					
Korrigerte brutto driftsutgifter per innbygger (257) hjemmetjenester - personellbase knyttet til bofellesskap/samløkaliserte omsorgsboliger (B) (Kommunekasse) **)				16 116	8 086

**) Justert for utgiftsbehov

Grunn til auka driftsutgifter til institusjon i 2024 er knytt til auke i tal institusjonsplassar frå 8 plassar i 2023 til 24 plassar i 2024. Kommunen ligg likevel langt under kommunegruppe 1. Giske kommune ligg elles godt på kontratal samanlika med samanliknbare kommunar.

Sjukefråvær

Fråvær

Korttid

Langtid

Samla fråvær

Årleg sjukefråvær 2024

1,75 %

8,59 %

10,34 %

TEKNISK (SAMFUNN FRÅ 2025)

Beskriving av tenesteområde

Teknisk eining har ansvar for eit breitt spekter av oppgåver. Eininga består av hovudområda (1) forvaltning, (2) driftsavdeling, (3) eigedomsavdeling og (4) reinhald.

Samtidig er det få tilsette på kvart ansvarsområde. Dette gjer eininga sårbar ved sjukdom og jobbskifte og er ei vedvarande utfordring i arbeidet med å rekruttere- og behalde tilsette. Det er eit gap mellom forventningar og lovkrav og kva teknisk eining reelt sett kan klare å levere.

Årsverksutvikling

Ansvar	Årsverk 2020	Årsverk 2021	Årsverk 2022	Årsverk 2023	Årsverk 2024
5000 - Byggesak	2,53	3,33	3,33	4,33	
5100 - Eigedomsavdelinga	23,58	22,22	21,68	22,18	
5300 - Brannvern	4,70	0,00	0,00	0,00	
5310 - Feiing og tilsyn	0,00	0,00	0,00	0,00	
5400 - Kommunalt kartverk	1,80	0,80	0,83	0,83	
5410 - Oppmåling	0,62	0,60	0,85	0,80	
5500 - Regulering	1,85	1,80	1,53	1,33	
5510 - Plan	0,55	0,65	1,08	1,33	
5520 - Grunnkjøp	1,50	1,40	1,93	2,33	
6000 - Opparb. utbygging	0,70	1,50	1,00	1,00	
6100 - Veganlegg	4,73	3,64	3,66	3,86	
6200 - Vassforsyning	3,29	5,45	4,98	4,88	

Årsmelding 2024

6300 - Avløp og reinsing	4,00	4,35	4,88	4,43	
6350 - Slamtømming	0,15	0,10	0,85	0,80	
6400 - Renovasjon	2,33	2,88	2,78	2,78	
Sum	52,33	48,72	49,38	50,88	

Status økonomi per teneste

Beløp i 1000

Teneste	Rekneskap 2023	Rekneskap 2024	Opph. bud. 2024	Rev. bud. 2024	Avvik i kr	Avvik i %
KOMMUNEREVISJONEN - KONTROLLUTVAL	45	37	56	56	19	34,4 %
PERSONAL OG LØN	87	93	108	108	16	14,4 %
FORVALTNING AV BYGG	2 035	3 425	5 935	5 935	2 510	42,3 %
GENERELLE PERSONALPOLITISKE TILTAK	16	63	105	105	41	39,3 %
GENERELLE ARBEIDSMILJØTILTAK	16	14	18	18	4	22,0 %
ØKONOMI	157	250	164	164	-86	-52,1 %
SERVICEKONTORET	735	728	801	801	73	9,1 %
DIVERSE FELLESFUNKSJONAR	496	543	527	527	-16	-3,0 %
IKT	37	38	38	38	0	0,7 %
SAKSBEHANDLING - FELLES	7	40	0	0	-40	0,0 %
ADMINISTRASJONSBYGG	2 135	2 868	1 865	1 867	-1 000	-53,6 %
PENSJON	106	0	0	0	0	0,0 %
PREMIEFOND	39	0	0	0	0	0,0 %
BARNEHAGELOKALER OG SKYSS	1 647	1 799	1 698	1 698	-100	-5,9 %
SKOLELOKALER	28 178	25 421	24 255	24 286	-1 135	-4,7 %
AKTIVISERING AV ELDRE OG FUNKSJONSHEMMA	155	247	123	123	-124	-101,3 %
PSYKIATRISK DAGTILBOD	0	7	0	0	-7	0,0 %
FLYKTNINGKONTOR	63	146	0	0	-146	0,0 %
GISKE OMSORGSSENTER	2	0	0	0	0	0,0 %
INSTITUSJONSLOKALER	461	1 784	1 085	1 085	-699	-64,4 %
OMSORGSBUSTADAR	4 451	6 005	4 973	4 675	-1 329	-28,4 %
UTLEIGEBUSTADER	-651	-827	46	35	862	2446,9 %
Bustadtilskott frå husbanken (frå 2020)	-82	0	0	0	0	0,0 %
PLANLEGGING / REGULERING	2 424	1 887	2 593	2 593	707	27,3 %
KOMMUNALT KARTVERK	2 661	2 673	3 325	3 201	529	16,5 %
BYGGESAK	922	644	1 206	1 160	516	44,5 %
Byggesak (vegleiing, klagehandsaming) (ikkje sjølvkost)	1 017	1 256	1 333	1 383	127	9,2 %
Utsleppstillatelsar, kontroll og tilsyn	-26	-84	-1	-1	83	8779,0 %
Eierseksjonering	36	-8	26	26	34	130,6 %
OPPMÅLINGSFORRETNING	-99	-143	-85	-81	62	77,1 %
BUSTADOMRÅDER	578	159	452	452	293	64,8 %
NÆRINGSVAFALL	15	0	6	6	6	100,0 %
NÆRINGSBYGG / EIGEDOMAR	66	749	494	492	-257	-52,2 %
INDUSTRIOMRÅDER	-1 640	-102	-7 199	-4 699	-4 597	-97,8 %
KAIANLEGG	112	112	112	112	0	0,0 %
KOMMUNALE VEGAR	7 425	7 901	7 278	7 366	-535	-7,3 %
GATELYS	1 881	1 664	1 947	1 952	288	14,7 %
PARKAR, PLASSAR M.M.	460	581	804	798	217	27,2 %
FEIING, TILSYN (Sjølvkost)	-139	-115	-149	-145	-30	-20,8 %
BRANN- OG OLJEVERN	8 786	10 523	10 640	10 640	117	1,1 %
BEHANDLINGSANLEGG	4 197	5 656	3 569	3 573	-2 083	-58,3 %
LEIDNINGSANLEGG VATN	-4 459	-5 959	-4 446	-4 187	1 772	42,3 %

Årsmelding 2024

Teneste	Rekneskap 2023	Rekneskap 2024	Opph. bud. 2024	Rev. bud. 2024	Avvik i kr	Avvik i %
REINSEANLEGG AVLØP	1 457	735	989	980	245	25,0 %
LEIDNINGSANLEGG AVLØP	-1 047	-343	-1 100	-762	-419	-55,0 %
SLAMINNHEATING/DEPONERING	-29	-13	-24	-55	-42	-76,5 %
INNSAMLING AV AVFALL	-217	-1 330	-268	-298	1 032	345,7 %
FRILUFTSLIV	0	0	6	6	6	100,0 %
KOMMUNALE IDRETTSBYGG OG IDRETTSANLEGG	2 457	3 262	2 875	2 722	-540	-19,8 %
ANDRE KULTURTILTAK	32	30	0	0	-30	0,0 %
KOMMUNALE KULTURBYGG	-36	676	-107	293	-383	-130,8 %
Sum	66 967	73 089	66 071	69 048	-4 040	-5,9 %

Kommentar til status økonomi

Dei fleste tenestekområda innan ramme 9 er budsjetterte innanfor regelverket for sjølvkost. For å få fram balansen i sjølvkost vert teknisk eining sitt budsjett presentert på ansvarsområda. Samla inntekter, utgifter og nettokostnad går fram av tabellen ovanfor. Overskot innan eit sjølvkostområde vert sett av til fond og underskot vert dekt med bruk av fond. Betalingssatsane er justerte i tråd med sjølvkostregleverket. For 2024 er det også vedteke ny forskrift for vatn og avløp som påverkar gebyra og gjer at ein ikkje kan samanlikne tala frå 2023 med 2024 tala, jamfør eiga sak.

Områda som **ikkje** er sjølvfinansierte er, eigedomsavdelinga, reinhald, brannvern, grunnkjøp, kart, rettleiing og tilsyn på byggesak, opparbeiding av utbyggingsområda, vegar og parkar samt gravferdsteneste, overordna plan samt regulering.

Regulering er ikkje eit vedteke sjølvkostområde, men gebyra legg opp til auka dekningsgrad med mål om å vere sjølvfinansierende.

Drift og vedlikehald veg, vatn, avløp og grønt har ikkje nødvendig kapasitet i forhold til personale for utføring av lovpålagte oppgåver.

5000 BYGGESAK (Sjølvkost)

I tråd med sjølvkostforskrifta kan kommunen ikkje framføre underskot for gebyr etter plan- og bygningslova, eierseksjonslova eller matrikkellova. Underskot på desse gebyrområda må dekkes fra kommunen sine frie midler, med mindre kommune allereie har opparbeida seg eit sjølvkostfond.

I budsjettet er det lagt opp til at kommunen subsidierer tenesta med 1,3 mill.kr. Området fekk eit mindreforbruk på ca 300 000 og viser at kommunen subsidierer området med ca 1 mill.kr.

5100 EIGEDOMSAVDELING

Meirforbruket på 1,7 mill kr skriv seg i hovudsak frå lønsutgifter og manglande budsjett for ferievikarar. I tillegg har det kome uventa utgifter som ikkje var tekne med i budsjettet.

Drifts og vedlikehaldsbudsjettet er underfinansiert og ligg langt under venta normalat.

Det vart i 2021 utarbeidd forvaltningsrapport som viser at Giske kommune ikkje har sett av midlar til vedlikehald. I realiteten dekker løyvingane kun drift. Denne situasjonen har vort uendra over mange år. Manglande vedlikehald påverkar tenestene og brukarane av bygga.

Giske kommune står ovanfor eit vegval - kva skal ein gjere med bygningsmasse framover, skal ein utføre verdibevarande vedlikehald eller skal bygga forfalle. For enkelte av bygga er situasjonen pr. dags dato slik at manglande vedlikehald blir sjølvforsterkande, og tilstanden er alt svært dårleg. Dette gjeld mellom anna fleire av omsorgsbygga.

For å maksimere brukstid/nytteverdi av bygga må ein ha midlar til oppgradering for å møte endra krav til funksjon (brukstilpasning) og energibruk. Samla sett "forbrukar" ein bygningsmassen mykje raskare enn forventa levetid og gjer at sanering og nybygg tvingar seg fram. Dette er ei utvikling som på sikt er uøkonomisk og lite berekraftig.

Vedlikehaldsetterslepet er berekna til minst 100 mill. kroner.

5110 REINHOLD

Meirforbruk lønn skuldast i hovudsak bruk av vikar. Høgt sjukefråvær og manglande kapasitet i ferieavviklinga utgjer eit større forbruk enn budsjettert.

Reinhold overtok tenesta Praktisk bistand og det førte til meirforbruk på kjøp av inventar og utstyr.

5400 KOMMUNALT KARTVERK

Mindreforbruket kjem av manglande utgifter for utført flyfoto og større salsinntekter enn budsjettert. Slutt fakturering i 2025.

5520 GRUNNKJØP

Ansaret har hatt ca kr 460.000,- i mindre salsinntekter enn budsjettert. Likevel kjem ansaret ut med eit mindreforbruk. Dette kjem b.la av lønskostnader vart mindre enn budsjett som fylgje av ei vakant stilling og løn til prosjektleiarar er ført på prosjekta dei arbeider med.

6000 OPPARBEIDING UTBYGGINGSOMRÅDER

Det ligg inne driftstiltak på dette ansaret. Opprinneleg var der eit driftstiltak på 4 million kroner i auke av leigeinntekter, og ytterlegare 2 million vart auka av kommunestyret, totalt 6 million auka leigeinntekter. Desse blei ikkje realisert i 2024. I kommunestyret sak 60/24 vart budsjettet endra med 2,5 million kroner i reduksjon av leigeinntekter, men dette var ikkje tilstrekkeleg til å dekke dei manglande leigeavtale då nye leigeavtalar først vart signert i desember 2024..

6100 VEGANLEGG

Det er gjennomført asfaltering av kommunale vegar i tråd med budsjett, men der er eit stort etterslep på vedlikehald.

Rekneskap for snøbrøyting i tråd med budsjett.

VAR - Vatn, avløp og renovasjon

Drift og vedlikehald av vassforsyninga, som saman med avløp og reinsing, slamtømming og renovasjon blir regulert av eige lov- og regelverk, og skal drivast innanfor særavgifter, er sjølvfinansierende. Meir forbruk blir dekt av fond, medan mindreforbruk blir avset til fond. Innanfor slam og renovasjon er der ikkje fond til å dekke meirforbruk, då vert dette i første omgang dekt av kommunekassa, men avrekna så snart det er overskot på tenestene.

Noko vatn blir kjøpt frå Ålesund kommune sidan dette er nytta som reservevassforsyning, og ein må ha kontinuerleg flyt av vatn i leidningane. Vidare er teneste 3400 Behandlingsanlegg og teneste 3450 Leidningsanlegg eigne tenesteområde under sjølvkost, der det er store investeringsbehov.

Slam og renovasjon blir kjøpt frå - og er administrert av ÅRIM. Satsane til ÅRIM vert lagt til grunn.

6200 VASSFORSYNING (VAR)

Meirforbruk pga. manglande gebyrinntekter, samt kostnader for kjøp av vatn frå Ålesund.

6300 AVLØP OG RENSING (VAR)

Manglande inntekter for tilknytningsgebyr. Auka kostnader frå Attvin. Det vart utarbeida eit notat for Avløp Valderøy - Vigra. Notatet omfattar også eit kommunalt felles renseanlegg på Gjøvsund. Notat skal politisk behaldast i mai 2025.

6350 SLAMTØMMING

Rekneskap er omlag i tråd med budsjett.

6400 RENOVASJON (VAR)

Mindreforbruk på ansvaret for å skape ei avsetting på fond.

Renovasjon har tidligare hatt eit større negativt fond som nærmar seg balanse.

Oppsummering tiltak

Årsmelding 2024

Tiltak vedtatt for budsjett 2024	2024	2025	2026	2027
Ramme 2 - Stab Kontinuerlig forbedringarbeid	- 250	- 250	- 250	- 250
RAMME 7 Pleie og omsorg - Fellestiltak omstilling	100	100	100	100
Ramme 9 Teknisk - Forventa inntekter kommunal grunn	- 4 000	- 9 000	- 14 000	- 19 000
Ramme 9 Teknisk - Opphør av avtale med Stiftinga Giske omsorgsbustader	- 100	- 100	- 100	- 100
Ramme 9 Teknisk - Refusjon lønnskostnader reinhald	- 300	- 300	- 300	- 300
Sum tiltak	- 4 550	- 9 550	- 14 550	- 19 550

Det viser seg å vere vanskeleg å hente ut innsparingseffekt av dei fleste av tiltaka knytt til dette rammeområdet. Felles tiltak omstilling er set i verk frå 1.1.25, resultatet frå ramme 9 vil vere auke i budsjett, medan innsparinga kjem i ramme 7 omsorg.

Refusjon lønnskostnader reinhald er gjennomført.

Utvalde resultat

Vann pumpestasjon ved Skaret VP på Øvre Nordstranda er renovert. Skifta tak, Isolasjon og nye innvendige vegg- og takplater.

Byggesak:

Det har vert eit pågåande arbeid i fleire år for å få byggesaksavdelinga i balanse.

I 2024 har innkomne saker blitt behandla fortløpande. Ordninga med fast telefonvakt og digitalt bookingsystemet har fungert svært godt. Publikum får svar på førespurnad, og via bookingstenesta er dei garantert eit møte med ein saksbehandlar for vegleiing.

Det har ikkje vore nedgang av innkomne saker slik ein opphavleg hadde tenkt. Og derfor ligg det framleis nokre eldre saker som ikkje har blitt behandla.

Viktige hendingar

Ein viktig og stor del av vår oppgåve er førebyggjande vedlikehald av vatn- og avløpsanlegg, og kommunalt vegnett. Vedlikehald for å trygge vassforsyninga og trygge transport av avløpsvatn. Samtidig opplever oss at arbeid må nedprioriterast og drifts optimalisering og fagleg oppdatering ikkje får den fokus som det er behov for.

Det kommunale vegnettet har eit stort etterslep på vedlikehald. Derfor blir kun sporadisk lapping av skader gjennomført. Det blei kun asfaltert ca 200 meter på Gjøsdneset i 2024.

Styringskort og styringsindikator

Årsmelding 2024

FOKUSOMRÅDE	MÅL	MÅLINDIKATOR	RESULTATMÅL 2024	RESULTAT 2024
BRUKARAR:				
Abonnentar	Sikre trygg leveranse	Rangering i kostra samt effektivitetsbarometer samt eigne laboratorieanalyser for vatn.	Avklare opptrappingsplan for gebyrområda i samsvar med hovudplan for vatn og avløp	i prosess
Søkjarar	Saksbehandling i samsvar med lov, forskrift og kommunale planar innan tidsfrist	Rangering i kostra	Alle saker skal handsamast innan frist	i prosess
Brukarar av føremålsbygg	Tilby bygg med ein akseptabel (minimum) standard	Rangering i kostra samt kommunens eige FDV-system (IK-bygg)	Ingen: Budsjetterte midlar går fullt ut til å dekke fortløpande drift	i prosess
MEDARBEIDARAR:	Behalde- og rekruttere rett kompetanse	Målstruktur og målformulering må synleggjerast - Er ikkje klart nok definert på einingsnivå.	Avklare behov for kompetanse på ansvar-/tenestoområde	i prosess
	Sikre naudsynt kompetanseutvikling	Fokus på kompetanse planar, vernerunde og medarbeidarsamtaler	Behovskartlegging gjennom medarbeidarsamtaler	i prosess
	Sikre trivsel i ein økonomisk krevjande situasjon	Avvik ved vernerunde og fokus på trivsel i medarbeidarsamtalar, lavt sjukefråvær.	Synleggjere/forklare føremål og effekt av budsjett i balanse.	i prosess
ØKONOMI:	Auka ressurstilgang til eininga for å sikre bemanning for oppgåver utanfor sjølvkostområda.	Grad av samsvar mellom forvaltningsområde/lovområde - slik desse går fram av delegeringsreglementet - og bemanningsgrad/stillingsprosent på det enkelte ansvars- og tenestoområde.	Gjennomgang av delegasjonsreglementet samt effektivere ny vidaredelegering frå kommunedirektøren	i prosess
	God økonomistyring	Avvik i % av vedteken netto driftsramme, Månadleg rapportering	≤0	i prosess

KOSTRA Nøkkeltal

	Giske 2021	Giske 2022	Giske 2023	Giske 2024	Kostragruppe 01
Prioritet					
Brutto driftsutgifter til gatebelysning langs kommunale veier og gater per kilometer belyst vei (kr)	22 829	15 037	19 561	16 917	20 192
Brutto driftsutgifter til samferdsel i kr per innbygger	976	932	1 160	1 590	1 956
Netto driftsutgifter per innbygger (301) plansaksbehandling (B) **)	298	374	291	405	315
Netto driftsutgifter per innbygger (302) byggesaksbehandling og eierseksjonering (B) **)	58	308	240	244	132
Netto driftsutgifter pr. innbygger til Brann og ulykkesvern (B) **)	910	983	1 025	1 228	1 288
Netto driftsutgifter pr. innbygger til Kommunale boliger (B) **)	712	460	491	607	136
Produktivitet					
Herav energikostnader for kommunal eiendomsforvaltning per kvadratmeter (B)	57	43	57	67	138
Årsgebyr for avfallstjenesten - ekskl. mva. (kr)	2 690	2 950	3 650	4 200	3 711
Årsgebyr for avløpstjenesten - ekskl. mva. (kr)	3 074	3 002	3 101	4 931	6 542
Årsgebyr for vannforsyning - ekskl. mva. (kr)	2 459	2 588	2 845	4 985	5 587
Kvalitet					
Antall søknader per 1000 innbyggere	16,0	16,0	16,0	15,0	7,0
Estimert gjennomsnittsalder for kommunalt spillvannsnett med kjent alder (år)	32,0	33,0	33,0	34,0	
Renovasjon - Husholdningsavfall per innbygger (kommune)	392	369	442	351	0
Økonomi					
Utgifter til vedlikehold per kvadratmeter (kr)	48	45	70	76	77
Grunnlagsdata (Nivå 3)					
Brutto driftsutgifter til kommunale veier og gater (funksjon 332) eksklusive avskrivninger, per km (kr) (1000 kr)	61 678	58 352	79 551	78 382	102 824

**) Justert for utgiftsbehov

Sjukefråvær

Fråvær	Korttid	Langtid	Samla fråvær
Årleg sjukefråvær 2024	2,25 %	5,97 %	8,23 %

KYRKJELEGE FØREMÅL

Årsverksutvikling

Status økonomi per teneste

Beløp i 1000

Teneste	Rekneskap 2023	Rekneskap 2024	Opph. bud. 2024	Rev. bud. 2024	Avvik i kr	Avvik i %
KYRKJER	4 531	4 828	4 828	4 828	0	0,0 %
GRAVPLASSAR	1 220	1 336	1 336	1 336	0	0,0 %
Sum	5 751	6 164	6 164	6 164	0	0,0 %

Kommentar til status økonomi

Driftsutgifter til kyrkjelege føremål:

		2024	2023
Driftstilskot frå kommunen til kyrkjeleg fellesråd	kr	4 651 970	4 371 400
Tilskot til trudomssamfunn	kr	0	
Tenesteytingsavtale mellom kommunen og kyrkjeleg fellesråd stipulert til	kr	176 000	160 000
Drift av gravplassar - driftstilskott	kr	60 000	60 000
Drift av gravplassar - tenesteytingsavtale med kommunen	kr	1 276 000	1 160 000

Overføringar til kyrkjeleg fellesråd vert bokført etter budsjett. Når det gjeld drifta elles viser ein til fellesrådet si årsmelding.

Styringskort og styringsindikator

KOSTRA Nøkkeltal

	Giske 2021	Giske 2022	Giske 2023	Giske 2024	Kostragruppe 01
Prioritet					
Netto driftsutgifter til funksjon 390,393 pr. innbygger i kroner	629	633	662	703	827
Dekningsgrad					
Medlem og tilhørige i Dnk i prosent av antall innbyggere (B)	77,6 %	77,2 %	76,5 %	75,8 %	74,3 %

Giske kommune har hatt ein auke i utgiftene i 2024, men ligg fortsatt under gjennomsnitt i kostragruppa.

Andelen medlemmar og tilørige i DNK ser synkande.

Sjukefråvær

Årsrekneskap

Løyvingsoversikt drift etter § 5-4 første ledd

Beløp i 1000

	Note	Rekneskap 2023	Opph. bud. 2024	Politisk vedtatt budsjett 2024	Rekneskap 2024	Avvik i kr	Avvik i %
Rammetilskot		-299 118	-300 391	-300 391	-312 440	12 049	4,0 %
Inntekt- og formuesskatt		-292 250	-320 363	-320 363	-298 486	-21 877	-6,8 %
Eigedomsskatt		-22 428	-22 500	-22 500	-24 273	1 773	7,9 %
Andre generelle driftsinntekter		-27 450	-32 381	-32 381	-32 493	113	0,3 %
Sum generelle driftsinntekter		-641 246	-675 635	-675 635	-667 692	-7 943	-1,2 %
Korrigert sum løyvingar drift, netto		581 560	598 154	598 154	614 551	-6 575	-2,7 %
Avskrivingar		39 615	39 616	39 616	38 938	677	1,7 %
Sum netto driftsutgifter		621 175	637 770	637 770	653 489	-15 719	-2,5 %
Brutto driftsresultat		-20 071	-37 865	-37 865	-14 203	-23 662	-62,5 %
Renteinntekter		-17 565	-19 939	-19 939	-25 215	5 277	26,5 %
Utbytte		-330	-50	-50	-237	187	374,1 %
Gevinstar og tap på finansielle omløpsmiddel		-14 057	-8 500	-8 500	-14 300	5 800	68,2 %
Renteutgifter		47 435	66 674	66 674	62 700	3 974	6,0 %
Avdrag på lån		41 165	43 312	43 312	46 980	-3 669	-8,5 %
Netto finansutgifter		56 648	81 497	81 497	69 928	11 569	14,2 %
Motpost avskrivingar		-39 615	-39 616	-39 616	-38 938	-677	-1,7 %
Netto driftsresultat		-3 038	4 017	4 017	16 787	-2 949	-317,9 %
Disponering eller dekning av netto driftsresultat							
Overføring til investering		0	1 600	1 600	0	1 600	100,0 %
Avsettingar til bundne driftsfond		2 919	523	523	1 932	-1 409	-269,3 %
Bruk av bundne driftsfond		-10 912	-3 990	-3 990	-3 489	-501	-12,6 %
Avsettingar til disposisjonsfond		21 631	0	0	0	0	
Bruk av disposisjonsfond		-10 600	-2 150	-2 150	-15 230	13 080	608,4 %
Dekning av tidlegare års meirforbruk i driftsrekneskapen		0	0	0	0	0	
Sum disponeringar eller dekning av netto driftsresultat		3 038	-4 017	-4 017	-16 787	12 770	317,9 %
Framført til inndecking i seinare år (meirforbruk)		0	0	0	0	9 821	

Årsmelding 2024

Løyvingsoversikt drift etter § 5-4 andre ledd

Beløp i 1000

	Note	Rekneskap 2023	Opph. bud. 2024	Politisk vedtatt budsjett 2024	Rekneskap 2024	Avvik i kr	Avvik i %	Rev. bud. 2024	Avvik i kr	Avvik i %
POLITISK STYRING		5 724	5 143	5 143	5 333	-189	-3,7 %	5 143	-189	-3,7 %
KOMMUNE LEIING - STAB		26 966	31 792	31 792	33 444	-1 652	-5,2 %	31 792	-1 652	-5,2 %
FELLESUTGIFTER/FELLESINNTEKTER		-136	15 514	15 514	11 044	4 469	28,8 %	14 709	3 665	24,9 %
DIVERSE TENESTEOMRÅDE		11 878	12 992	12 992	15 407	-2 415	-18,6 %	12 992	-2 415	-18,6 %
OPPVEKST		251 054	255 913	255 913	257 437	-1 524	-0,6 %	255 919	-1 518	-0,6 %
BARN, FAMILIE, HELSE		62 117	66 043	66 043	65 719	324	0,5 %	66 110	391	0,6 %
PLEIE, OMSORG OG SOSIAL		191 574	189 485	189 485	194 309	-4 824	-2,5 %	195 462	1 153	0,6 %
TEKNISK (SAMFUNN FRÅ 2025)		66 967	66 071	66 071	73 089	-7 018	-10,6 %	69 048	-4 040	-5,9 %
KYRKJELEGE FØREMÅL		5 751	6 164	6 164	6 164	0	0,0 %	6 164	0	0,0 %
SKATT, RAMMETILSKOT, FINANS		501	-1 473	-1 473	496	-1 969	-133,7 %	-1 473	-1 969	-133,7 %
Sum løyvingar drift, netto		622 397	647 643	647 643	662 442	-14 799	-2,3 %	655 867	-6 575	-1,0 %
Av dette:										
Avskrivinger		39 615	39 616	39 616	38 938	677	1,7 %	38 940	1	0,0 %
Netto renteutgifter og -inntekter		9 218	13 345	13 345	10 521	2 824	21,2 %	13 345	2 824	21,2 %
Avsetninger til bundne driftsfond		2 916	518	518	1 921	-1 403	-270,9 %	518	-1 403	-270,9 %
Bruk av bundne driftsfond		-10 912	-3 990	-3 990	-3 489	-501	-12,6 %	-3 990	-501	-12,6 %
Korrigert sum løyvingar drift, netto		581 560	598 154	598 154	614 551	-16 396	-2,7 %	607 054	-7 496	-1,2 %

Løyvingsoversikt investering etter § 5-5 første ledd

Beløp i 1000

	Note	Rekneskap 2023	Opph. bud. 2024	Politisk vedtatt budsjett 2024	Rekneskap 2024	Avvik i kr	Avvik i %	Rev. bud. 2024
Investeringar i varige driftsmidlar		42 788	109 423	184 967	108 823	76 144	41,2 %	184 967
Tilskot til andre sine investeringar		0	0	0	328	-328		0
Investeringar i aksjar og andelar i selskap		1 314	1 600	1 600	1 421	179	11,2 %	1 600
Utlån av eigne midlar		0	0	0	0	0		0
Avdrag på lån		0	0	0	0	0		0
Sum investeringsutgifter		44 102	111 023	186 567	110 572	75 996	40,7 %	186 567
Kompensasjon for meirverdiavgift		18 226	-10 809	-15 884	-10 248	-5 636	-35,5 %	-15 884
Tilskot frå andre		-109 793	0	-7 628	0	-7 628	-100,0 %	-7 628
Sal av varige driftmiddel		-5 239	0	0	-1 155	1 155		0
Sal av finansielle anleggsmiddel		0	0	0	0	0		0
Mottatte avdrag på utlån av eigne middel		0	0	0	0	0		0
Bruk av lån		0	-98 614	-108 943	-40 879	-68 064	-62,5 %	-108 943

Årsmelding 2024

	Note	Rekneskap 2023	Opph. bud. 2024	Politisk vedtatt budsjett 2024	Rekneskap 2024	Avvik i kr	Avvik i %	Rev. bud. 2024
Sum investeringsinntekter		-96 806	-109 423	-132 455	-52 282	-80 172	-60,5 %	-132 455
Vidareutlån		8 118	8 000	8 000	8 738	-738	-9,2 %	8 000
Bruk av lån til videreutlån		-8 118	-8 000	-8 000	-8 738	738	9,2 %	-8 000
Avdrag på lån til videreutlån		3 164	5 000	5 000	3 079	1 921	38,4 %	5 000
Mottatte avdrag på videreutlån		-5 659	-5 000	-5 000	-5 689	689	13,8 %	-5 000
Netto utgifter videreutlån		-2 495	0	0	-2 610	2 610		0
Overføring frå drift		0	-1 600	-1 600	0	-1 600	-100,0 %	-1 600
Avsetningar til bundne investeringsfond		12 580	0	0	11 544	-11 544		0
Bruk av bundne investeringsfond		-9 894	0	0	-14 711	14 711		0
Avsetningar til ubunde investeringsfond		52 513	0	0	0	0		0
Bruk av ubunde investeringsfond		0	0	-52 513	-52 513	0	0,0 %	-52 513
Dekning av tidlegare års udekket beløp		0	0	0	0	0		0
Sum overføring frå drift og netto avsetningar		55 199	-1 600	-54 113	-55 679	1 567	2,9 %	-54 113
Framført til inndekning i seinare år (udekt)		0	0	0	0	0		0

Løyvingsoversikt investering etter § 5-5 andre ledd

1. Investeringar i varige driftsmidlar

